




*Vinje kommune*  
*Kultur*



# **Lokal Rammepplan for Vinje kulturskule 2019 – 2030**

*Eit lokalt ressurscenter i Vinje kommune*

## FORORD

Kulturskolen er ein av dei viktigaste kulturutdanningsinstitusjonane me har her i landet. Eit unikt tilbod der barn og unge kan få opplæring i kunst- og kulturfag, realisere sine draumar, vakse som menneskje og finne ein meningsfylt aktivitet som beriker livet. Sidan oppstarten på 1960-talet har kulturskulane hatt ei sterk utvikling og vekst, og i dag er det rundt 125 000 elevplassar i landet.

Vinje musikkskule blei oppretta i 1981, og i 2001 skifta det namn til Vinje kulturskule for å fane om fleire kunst- og kulturuttrykk enn bare musikk. I dag er det rundt 150 elevar som får fast undervisning gjennom heile skuleåret, i tillegg når kulturskolen ut til 100 andre elevar gjennom kortare kurs og prosjekt. Dette gjer Vinje kulturskule til den største skulen i Vinje kommune.

I 2015 kom det ein ny nasjonal rammeplan for kulturskolen «Mangfald og fordjuping», skrevet og utgitt av Norsk Kulturskuleråd. Dette er eit godt styringsdokument for all lokal kulturskuledrift og mykje av teksten ligg til grunn for denne lokale rammeplanen til Vinje kulturskule. Sida Norsk Kulturskuleråd er ein interesseorganisasjon er det opp til kvar enkelt kommune korleis dei tek tak i denne rammeplanen og korleis dei vidareutviklar sin kulturskule.

Med dette dokumentet, ein lokal rammeplan for Vinje kulturskule, ynskjer kommunen å sei noko om kva kulturskolen skal innehalde, korleis den skal utvikle seg dei neste åra, og kva for kriterer og reglar som skal gjelde.

Visjonen til Norsk kulturskuleråd er «Kulturskule for alle». Dette er ein sentral ambisjon i oppbygginga av kulturskulane. Kulturskolen skal vere kjenneteikna av høg kvalitet og rikt mangfald, og skal ta vare på både breidde og talent. Dette skal også vere visjonen til Vinje kulturskule

Den gode kulturskolen i Vinje skal skapast saman med politisk vilje, god administrasjon, dyktige lærarar og lykkelege elevar!

## Innholdsliste

Innleiing .....	4
<b>KAPITTEL 1 – KULTURSKULEN SITT SAMFUNNSOPPDRAG</b>	
1.1. Kulturskulen sitt oppdrag .....	5
1.2. Kulturskulen sitt verdigrunnlag .....	6
1.3. Kulturskulen sitt formål .....	6
1.4. Kulturskulen sitt mål .....	7
1.5. Kulturskulen si rolle som lokalt ressurscenter .....	7
1.6. Kulturskulen sine fag .....	9
1.7. Organisering av opplæringa .....	9
<b>KAPITTEL 2 – PRINSIPP OG RETNINGSLINER FOR KULTURSKULEVERKSEMD</b>	
2.1. Kommunen sitt ansvar som skuleeigar .....	11
2.2. Skuleleiaren sitt ansvar .....	11
2.3. Samarbeid om læringa til eleven .....	12
2.4. Lærarrolla og profesjonen.....	14
2.5. Kvalitet i kulturskulen .....	14
<b>KAPITTEL 3 – VEDTEKTER OG TILTAKSPLAN</b>	
3.1. Vedtekter .....	16
3.2. Tiltaksplan 2019-2021.....	18
<b>KAPITTEL 4 – FAGPLANANE I VINJE KULTURSKULE</b>	
4.1. Generelt om fagplanane i Vinje kulturskule.....	19
4.2. Fagplan for gitarundervisning.....	20
4.3. Fagplan for pianoundervisning.....	25
4.4. Fagplan for songundervisning.....	33
4.5. Fagplan for kveding-undervisning.....	39
4.6. Fagplan for hardingfeleundervisning.....	46
4.7. Fagplan for trommeundervisning.....	51
4.8. Fagplan for teaterundervisning.....	64

## INNLEIING

Kulturskulen tar vare på eit mangfald av kunst- og kulturfag og har som oppgåve å utvikle kunstfagleg kompetanse og uttrykksevne så vel som kreativitet, kritisk sans, kulturell og sosial kompetanse. Dette er grunnleggjande for livsmeistring og danning.

Kunsten formar identitet og aukar forståinga for andre sine uttrykk. Gjennom arbeid med kunst utviklar ein fantasi og sanslege sider, og som deltakarar i kulturelle fellesskap utviklar vi tryggleiken og forståinga vår for kva det vil seie å vere menneske, åleine og saman med andre.

Kulturskulen skal gi eit tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet og representerer ei vesentleg fordjuping utover det obligatoriske skuleverket. Opplæring i kulturskulefaga er individuelt tilpassa, langsiktig innretta og kan gi elevar ei livslang interesse, og for nokre også eit grunnlag for yrkesutdanning innan kunstfag.

### **Den lokale rammeplanen**

Kapittel 1 og 2 er ein generell del som omhandlar kulturskulen sitt samfunnsoppdrag, samt prinsipp og retningslinjer for kulturskuleverksemd. Dette skildrar m.a. kulturskulen si verdiforankring, rolle i opplæringa og som lokalt ressurscenter.

Planen legg til grunn «Kunnskapsløftet frå 2006», kulturløfta frå 2005 og 2009, «Kulturskolen – utviklingen av de kommunale kulturskolene som gode lokale ressursentre» (2010), «Kulturutgreiinga 2014» og «Meld. St. 20 (2012–2013) På rett vei – Kvalitet og mangfold i fellesskolen».

Kapittel 3 tek for seg vedtekter og strategiplan. Dette kapittel/dokumentet skal rullerast kvart 2. år i Oppvekst- og velferdsutvalet (OVU).

Det siste kapittelet omhandlar fagplanane for dei faga som til ein kvar tid Vinje kulturskule kan tilby. Dei blir revidera kvart år internt i personalet til kulturskulen.

Denne lokale rammeplanen for Vinje kulturskule sikrar ei stabil drift med høg kvalitet samstundes som den legg føringar for utvikling og nyskaping. Rammeplanen skal skape forventingar, og kunsten skal forsterke verkelegheita.

# KAPITTEL 1 – KULTURSKULEN SITT SAMFUNNSOPPDRAG

## 1.1. Kulturskulen sitt oppdrag

### 1.1.1. Opplæringslova

Kulturskulen sitt samfunnsoppdrag er forankra i Opplæringslova sin paragraf § 13-6:

*«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.» (1997)*

Samarbeidet med skuleverket knyter kulturskulen sitt oppdrag saman med målsetjinga til grunnskulen:

*«Målet for opplæringa er å utvide evnene hos barn, unge og vaksne til erkjening og oppleving, til innleving, utfolding og deltaking.» (Læreplanverket K06).*

### 1.1.2. Noreg sine forpliktingar i høve til UNESCO-konvensjonane om barn sine rettar og om vern av immateriell kulturarv

Kulturskulen sine formål og målsetjingar kan bidra til å ta vare på forpliktingar Noreg har gjennom internasjonale konvensjonar.

Noreg ratifiserte SN sin barnekonvensjon den 8. januar 1991, og i 2003 vart barnekonvensjonen med tilleggsprotokollar tekne direkte inn i norsk lov gjennom menneskerettslovene § 2-4. Barn sine rettar til kunst og kultur er nedfelte i § 30 og 31 i barnekonvensjonen:

#### Artikkel 30

I land der det finst etniske, religiøse eller språklege minoritetar eller personar som tilhøyrer ei urbefolkning, skal eit barn som tilhøyrer ein slik minoritet eller urbefolkninga, ikkje bli nekta retten til, saman med andre medlemmer av si gruppe, å leve i pakt med kulturen sin, til å utøve sin eigen religion eller til å bruke sitt eige språk.

#### Artikkel 31

1. Partane anerkjenner barnet sin rett til kvile og fritid og til å delta i lek og fritidsaktivitetar som passar for barnet sin alder og til fritt å delta i kulturliv og kunstnarisk verksemd.

2. Partane skal respektere og fremje barnet sin rett til fullt ut å delta i det kulturelle og kunstnariske livet og skal oppmuntre tilgangen til eigna og like moglegheiter for kulturelle, kunstnariske, rekreasjonsog fritidsaktivitetar.

Noreg samtykte den 17.10.2003 til ratifikasjon av UNESCO sin konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven.

Immateriell kulturarv kjem blant anna til uttrykk gjennom munnlege tradisjonar og uttrykk, utøvande kunst, sosiale skikkar, ritual og høgtidsfestar, kunnskap og praksis som gjeld naturen og tradisjonelt handverk.

Kulturskulen kan gi verdifulle bidrag til dette arbeidet. Møter med kulturarv visar elevane kva slags historisk og kulturell samanheng dei står i. Kulturarven som fortid; med produkt, tradisjonar og tankesett, som notid; gjennom elevane sine referansar og skapande uttrykk her og no, og som framtid; der elevane skal bruke det lærte i ei hittil ukjent verd.

## **1.2. Kulturskulen sitt verdigrunnlag**

Kulturskulen byggjer på eit humanistisk menneskesyn og på samfunnsverdiar som fellesskap, yringsfridom, menneskeverd og demokrati. Det norske fellesskapet rommar eit veksande mangfald av kulturelle uttrykk. Ved å anerkjenne og synleggjere mangfaldet kan kulturskulen bidra til å vidareføre og fornye kulturarven vår. Å respektere andre kulturar enn sin eigen føreset at ein har kjennskap til sin eigen kultur og har tryggleik i eigen identitet. Kulturaktivitetar skapar arenaer for tilhøyrslø og sosialt fellesskap og kan inspirere til deltaking i det usemjefellesskapet som er ein føresetnad for eit fungerande demokrati.

For kulturskulen er det naturleg å leggje yringskulturomgrepet til grunn for verksemda si (Kulturutgreiinga 2014). Omgrepet yringskultur er her avgrensa til kunstnarisk verksemd, kunstfagleg opplæring, publikumsmøte knytt til denne opplæringa samt vern og vidareføring av materiell og immateriell kulturarv. Omgrepet omfattar både den profesjonelle og ikkje-profesjonelle utøvinga av desse uttrykksformene samt å møte slike kulturelle uttrykk som publikum.

Hovudoppgåva til kulturskulen er å utvikle og ta vare på kunstnarisk og kulturell kompetanse. Til grunn ligg eit heilskapleg syn på mennesket og ideen om at alle menneske har formsans og uttrykksbehov som kan utviklast gjennom opplæring. Kunst- og kulturuttrykk rører ved grunnvilkår ved tilværet vårt som glede, lengsel, draumar, melankoli og einsemd, og er fundamentale i danningprosessen.

## **1.3. Kulturskulen sitt formål**

Kulturskulen skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge som ønskjer det. Formålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskulen er ein sentral del av den samanhengande utdanningslina som kan kvalifisere elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge si danning, fremje respekt for andre si kulturelle tilhøyrslø, bevisstgjere eigen identitet, gjere dei kritisk reflekterande og i stand til å utvikle eigen livskompetanse.

Kulturskulen skal også vere eit lokalt ressurscenter og ein samarbeidande aktør i grunnopplæringa og kulturlivet i den enkelte kommunen. Regionalt kan interkommunale samarbeidsmodellar sikre økt mangfald og høg kvalitet i tilboda. Nasjonalt er skulen ein del av ein landsomfattande kulturell infrastruktur som bidreg

til å løfte fram kunst og kultur som berande element i samfunnsutviklinga.

Det norske samfunnet består av mange ulike befolkningsgrupper, og det er stor variasjon av kulturelle uttrykk. Aukande geografisk mobilitet og internasjonalisering bidreg til at samfunnet er langt meir komplekst enn tidlegare. Kulturskulen bør spegle mangfaldet gjennom eit breitt samansett tilbod i opplæringa, både når det gjeld undervisning, formidling og skapande verksemd.

#### **1.4. Kulturskulen sitt mål**

##### **Kulturskulen skal**

- gi alle elevar moglegheit til å utvikle kunnskapar og ferdigheiter i kunstfag
- gi alle elevar moglegheit til å finne og formidle eigne kunst- og kulturuttrykk
- styrke elevane sin estetiske, sosiale og kulturelle kompetanse
- styrke elevane si evne til kritisk refleksjon og sjølvstendige val
- gi fordjupingsmoglegheiter som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning innan kunst- og kulturfag
- i samarbeid med skuleverket bidra til eit heilskapleg kunst- og kulturfagleg tilbod til alle barn og unge
- som lokalt ressurscenter medverke til å styrke kulturell kompetanse og utfolding
- i samarbeid med kulturlivet tilby kunst- og kulturfagleg støtte til opplæring og formidling til heile lokalsamfunnet

#### **1.5. Kulturskulen si rolle som lokalt ressurscenter**

Kulturskulen skal samarbeide med skule- og kultursektor og medverke til å styrke kompetanse og kulturell utfolding i lokalsamfunnet. Det inneber eit forpliktande samarbeid med barnehagar, grunnskular, vidaregåande skular, det lokale kulturlivet og profesjonelle aktørar innan kunst- og kulturformidling.

##### **1.5.1. Kulturskulen og grunnopplæringa**

Den generelle delen av læreplanen som gjeld både grunnskule og vidaregåande opplæring framhevar moglegheitene i kunstmøte:

*«I møtet med skapande kunst kan ein rykkjast ut av oppgådde spor, utfordrast i synsmåtar og få opplevingar som eggjar til kritisk gjennomgang av gjengse oppfatningar og til brott med gamle former.» (K06).*

Kulturskulen sin kunst- og kulturfaglege kompetanse kan supplere den obligatoriske opplæringa gjennom eit tett samarbeid med skuleverket. Den kulturelle skulesekken (DKS) inngår i grunnskulen sitt tilbod til alle elevar. Gjennom konsertar, framsyningar og utstillingar møter elevane profesjonelle kunstnarar fleire gonger kvart skuleår, og kulturskulelærarar kan vere aktive utøvarar innanfor DKS-tilboda.

Kulturskulen sine lærarar og elevar kan også initiere samarbeid med grunnskule og DKS om lokale produksjonar. På den måten kan elevane i grunnskulen få tilgang til produksjonar med både nasjonale, regionale og lokale utøvarar.

Samarbeidet mellom kulturskule og grunnopplæring bør gå føre seg både på elevnivå, lærarnivå og leiarnivå. Det kan til dømes vere samarbeid om store framsyningar og produksjonar som speglar kulturelt mangfald, integrering av kunst- og kulturperspektivet i fag, utstyr og lokale, utvikling av metodar og læringsmiljø, pedagogisk rettleiing og kulturskulen som utstillings- og konserttilbydar.

Undervisninga går føre seg både individuelt og i små og større grupper. Mens grunnopplæringa er aldersdelt og organisert i klassetrinn, har undervisninga i kulturskulen større grad av aldersblanding. Det kan bidra til nettverk mellom elevar frå ulike miljø, klassetrinn og skular, og aldersblandinga styrkar læringsmiljøet i kulturskulen. I kulturskulen si rolle som lokalt ressurscenter inngår også samarbeid med helsesektoren, m.a. med barnevern, sosialteneste, flyktingteneste, helsesøster og eldreomsorg.

Kulturskulen utgjør ei viktig førebuing til dei studieførebuaende utdanningsprogramma Musikk, dans og drama samt studiespesialisering med formgjevningfag i vidaregåande skule. Kulturskulen må sikte mot ei kontinuerleg styrking av utdanningslina frå begynnarnivå til profesjonell utøvande verksemd, nasjonalt og internasjonalt.

### **1.5.2. Kulturskulen og kulturlivet**

I det lokale kulturlivet møtest barn, unge og vaksne på ulike arenaer for kunst- og kulturaktivitet. Gjennom deltaking i frivillige organisasjonar, lærer barn og unge korleis demokratiske fellesskap fungerer. I samarbeid med det profesjonelle kulturlivet, kan eleven møte viktige rollemodellar som kan få stor betydning for motivasjon og arbeidsinnsats.

For korps, kor, teaterlag, dansegrupper og foreiningar som nyttar seg av opplæringstilbodet gjennom kulturskulen, skal skuleslaget vere ei viktig støtte for å sikre kvalitet og kontinuitet. Kunst- og kulturmiljø i lokalsamfunnet er viktige samarbeidspartnarar for kulturskulen. Kulturskulen og kulturlivet er gjensidig avhengige av at begge partar gjer ein kvalitativt god jobb for å rekruttere nye medlemmer.

Samarbeidet mellom kulturskulen og kulturlivet kan til dømes omfatte avtalar om bruk av kulturskulen sine lærarar som dirigentar, akkompagnatørar, produsentar, instruktørar, regissørar og lys- og lydteknikarar. Kulturskulen si oppgåve er her å støtte opp om aktivitetane i det frivillige kulturlivet med den kompetansen kulturskulen sitt personale representerer. Investering i og felles bruk av utstyr og lokale er andre døme på korleis det frivillige kulturlivet og kulturskulen kan bidra til at ressursar blir utnytta på best mogleg måte.

Ein annan viktig aktør er Ung Kultur Møtes (UKM), som gjennom lokale kulturfestivalar legg vekt på ungdommane sine eigne kulturuttrykk. Mønstringane er



ein arena for formidling, læring og oppleving. UKM tar også vare på dei ungdommane som deltek på ikkje-institusjonaliserte kunst- og kulturarener. Kulturskulen og UKM kan samarbeide om førebuingane til og gjennomføringa av den lokale mønstringa.

Kulturskulen kan også vere ein veileigna arena for kulturelt entreprenørskap gjennom samarbeid med lokale, regionale og nasjonale aktørar. I rolla som ressurscenter er kulturskulen involvert i store delar av kommunen sitt kunst- og kulturfaglege tilbod og tar på den måten vare på ein viktig funksjon i den lokale kulturelle grunnmuren.

## 1.6. Kulturskulen sine fag

Kulturskulen sine fag er primært musikk, dans, teater, visuell kunst og skapande skriving. Også undervisning i andre fag som høyrer ytringskulturen til, kan bli tilbydd (sjå 1.2). Fagplanar for desse faga finst i kapittel fire. Fagplanane tar vare på måla for kulturskulen på faga sine premissar. Læringsmål, innhald, varierte arbeidsformer, fleksibel organisering av tilboda og ulike vurderingsformer skal inngå i dei enkelte fagplanane. Alle elevar i kulturskulen skal få undervisning som er tilpassa deira interesse og føresetnader.

For å kunne gi attraktive tilbod og dermed sikre brei rekruttering til skuleslaget, skal kulturskulen leggje vekt på mangfald i undervisningstilboda sine.

## 1.7. Organisering av opplæringa

Undervisninga i kulturskulen sine fag er organisert innanfor tre opplæringsprogram med ulik profil og målsetjing: **Grunnprogrammet, Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet**. Programma skal ta vare på behovet for tilpassa opplæring og er gradert i forhold til undervisningsmengde og krav til eigeninnsats. Det ligg eit stort fagleg-pedagogisk potensial i vidare utvikling av samvirket mellom individuell oppfølging og gruppeundervisning.

Gjennom opplæringa skal alle elevar få moglegheit til å uttrykkje seg overfor eit breitt publikum. Konsertar, framsyningar og utstillingar skal inngå i opplæringa for alle elevar som ein integrert del av undervisninga. Alle elevar skal få tilbakemeldingar på eiga utvikling og egne resultat gjennom utviklingssamtalar.

For elevar som ønskjer å gå vidare med kunstfagleg utdanning, skal opplæring i kulturskulen gi grunnlag for å kunne kvalifisere seg til studieprogram for Musikk, dans og drama samt studiespesialisering med formgjevningsfag, til høgare utdanningsinstitusjonar sitt talentprogram og til høgare kunstfagleg utdanning.

### ➤ **Grunnprogrammet**

Programmet har ope opptak for alle elevar som ønskjer det. Undervisninga skal bidra til å utvikle kreative evner, fagleg kompetanse og samarbeidsevne som grunnlag for personleg utfolding.

Grunnprogrammet omfattar fagtilbod som er særskilt eigna for gruppe- og

ensembleundervisning. Det kan til dømes vere grupper innan musikk, dans, teater, visuell kunst, leik- og rytmikkbasert begynnarpplæring, tilbod for elevar med spesielle behov og grupper som kombinerer ulike fag. Undervisninga kan bli gitt i form av introduksjonskurs, begynnarpplæring eller som opplæring for vidarekomne. Kurs og prosjekt i samarbeid med grunnskulen går også innunder her.

Krav til deltaking og eigeninnsats blir nærare spesifisert i det enkelte undervisningstilbodet.

#### ➤ **Kjerneprogrammet**

Programmet har ope opptak for elevar som er motiverte for større undervisningsmengde og systematisk eigeninnsats.

Innhaldet i undervisninga skal bidra til å utvikle kreative evner, handverks- og kunstnarisk kompetanse og samarbeidsevne.

Undervisninga blir gitt som begynnarpplæring eller som opplæring for vidarekomne.

Programmet skal kunne kvalifisere for vidaregåande utdanning og er basert på eit langsiktig prinsipp, progresjon og systematisk trening. Undervisninga er tilpassa den enkelte eleven og går føre seg både individuelt, i grupper og i ensemble.

#### ➤ **Fordjupingsprogrammet**

Fordjupingsprogrammet har opptaksprøvar.

Undervisninga legg vekt på utviklinga av kreative evner, handverks- og kunstnarisk kompetanse, sjølvstende og samarbeidsevne.

Undervisning og rettleiing er tilpassa den enkelte eleven og går føre seg både individuelt, i grupper og i ensemble.

Fordjupingsprogrammet er for elevar som har særleg interesse og føresetnader for å arbeide med faget. Undervisningstilbodet skal vere vesentleg forsterka med omsyn til innhald og omfang i høve til kjerneprogrammet.

Det blir stilt krav til høg og målretta eigeninnsats

Programmet skal kunne kvalifisere for vidaregåande opplæring og høgare utdanning. Delar av undervisninga kan gå føre seg i samarbeid med andre institusjonar på regionalt og nasjonalt nivå.

For å styrke kvalitet og breidde i det samla undervisningstilbodet blir den enkelte kulturskulen oppfordra til å delta i interkommunalt og regionalt samarbeid, samarbeid med lokale kunst- og kulturmiljø, vidaregåande skule samt med høgare utdanningsinstitusjonar og talentutviklingsprogrammet deira

## **KAPITTEL 2 – PRINSIPP OG RETNINGSLINER FOR KULTURSKULEVERKSEMD**

### **Innleiing**

Opplæringslova § 13-6 pålegg alle kommunar i Noreg å ha eit musikk- og kulturskuletilbod, anten åleine eller i samarbeid med andre kommunar. Prinsippet om likeverd i skule- og utdanningstilbod er ei overordna kultur- og utdanningspolitisk målsetjing i Noreg, og rammeplanen skal bidra til å sikre felles nasjonale normer for mål, innhald og kvalitet i kulturskulane.

### **2.1. Kommunen sitt ansvar som skuleeigar**

Kommunen har som skuleeigar ansvaret for at kulturskulen sitt tilbod følgjer nasjonale føringar gjevne i rammeplanen. Kulturskulen skal inngå i kommunen sine plandokument og kan vere ein del av kommunen sitt strategiarbeid både innan utdanning, kultur og helse.

Skuleeigar har ansvar for at kulturskulen har kvalifiserte lærarar. I dette inngår å sikre kulturskulelærarane tilsvarende vidare- og etterutdanningstilbod som lærarane elles i skuleverket. Kommunen kan initiere samarbeid med andre kommunar/regionar om etter- og vidareutdanning og oppmuntre kulturskulen til å ta imot praksisstudentar frå høgare utdanningsinstitusjonar der forholda ligg til rette for det. Skuleeigar kan også initiere samarbeid med høgare utdanningsinstitusjonar om forskings- og utviklingsarbeid i faga til kulturskulen.

Kommunen har ansvar for at kulturskulen har lokale som er tilpassa den undervisninga som blir tilbydd, og kulturskulen skal kunne disponere andre kommunale undervisningslokale vederlagsfritt. Skuleeigar bør sørge for at kulturskulen kan tilby friplassar og moderasjonsordningar for å sikre like moglegheiter for deltaking i tilbodet til kulturskulen.

Med tilvising til opplæringslova kan kulturskulen inngå i fylkesmannen sitt tilsyn med kommunane. I tillegg til å undersøkje kva slags kulturskuletilbod kommunen har, kan kulturskulen sitt samarbeid med skuleverket og kulturlivet inngå i tilsynet.

I rammeplanen inngår nasjonale fagplanar. Dei lokale læreplanane skal ta vare på både nasjonale normer og lokale tilpassingar med omsyn til mål, innhald, organisering og vurdering. Ein skal utarbeide lokale læreplanar for alle fag kulturskulen tilbyr. Skuleeigar har ansvar for drift av kulturskulen og for å sikre at kulturskulen har eit system for kvalitetssikring av opplæringa.

### **2.2. Skuleleiaren sitt ansvar**

Den enkelte kulturskulen er sjølv ansvarleg for å gjennomføre det kontinuerlege arbeidet med kvalitetssikring av dei tilboda som blir gjevne.

Skuleleiar må leggje til rette for pedagogisk utviklingsarbeid for å vidareutvikle faga til

kulturskulen. Døme på utviklingsarbeid kan vere forsøk med ulike måtar å organisere undervisninga på, bruk av digitale verktøy, produksjon av undervisningsmateriell samt fleirkulturelle og tverrfaglege prosjekt. Kompetanseheving for lærarar gjennom systematisk kollegabasert samarbeid kan bidra til at læraren vidareutviklar eigen praksis og refleksjonskompetanse.

For å sikre ei kunnskapsbasert utvikling i skuleslaget er det behov for ytterlegare dokumentasjon og empiriske studium knytte til innhald, arbeidsmåtar og vurdering i faga. Kulturskulelæraren og -leiaren bør i større grad bli skulerte i utforsking og dokumentasjon av eigne praksiserfaringar, gjerne i samarbeid med høgare utdanning. Kulturskulen sitt personale bør ha moglegheiter til å delta i regionale, nasjonale og fleirnasjonale fag- og forskingsnettverk.

### **2.3. Samarbeid om læringa til eleven**

Kulturskulen har eit særleg ansvar for samarbeid med skuleverk, korps, kor, lag og frivillige samt profesjonelle kunst- og kulturorganisasjonar. På den måten kan eleven møte ein heilskapleg arena for kunstutfoldinga si, og få heider for kunnskapar og ferdigheiter også utanfor kulturskulen. Eit læringsmiljø som oppmuntrar til deltaking i kulturelle fellesskap, har stor betydning for motivasjonen til elevane.

#### **2.3.1. Samarbeid med foreldre/føresette**

Ein viktig faktor for at eleven skal lukkast, er at både foreldre og lærarar er engasjerte og støttande og har forventningar til at barnet skal lære. Kontinuerleg kontakt mellom kulturskule og heim om utviklinga, trivselen, frammøtet og øvingsinnsatsen til eleven, er avgjerande for utviklinga og framgangen til eleven.

Elevar og foreldre skal gjerast kjende med kva slags forventningar kulturskulen har til eleven sin innsats i dei ulike programma. Dei skal også gjerast kjende med kulturskulen sin læreplan for det aktuelle faget og om kva slags undervisningstilbod dei kan forvente. Læraren sine krav og forventningar til resultat er av stor betydning for innsatsen og motivasjonen til eleven. Det skal utarbeidast tydelege og konkrete mål for kva eleven skal lære, og læraren må kunne diskutere og formulere kva som kjenneteiknar gode læringsprosessar. Lærar og foreldre må saman motivere eleven til aktiv utfolding innanfor det kunstfaglege verkefeltet sitt, også utanom den organiserte opplæringstida.

Den personlege, kunstnariske og handverksmessige veksten og meistringa til eleven er det viktigaste målet for opplæringa. Kulturskulelæraren må lære eleven å ta ansvar for eigen innsats i og mellom undervisningstimane. Metodar for å integrere eleven si eiga trening og øving i opplæringa, bør vere eit prioritert tema i undervisninga. Ein del kulturskular har lange tradisjonar for opplæring av elevar og foreldre saman. Det kan stimulere eleven si utvikling og lette oppfølginga i heimen. I løpet av skuleåret bør det gjennomførast ein til to utviklingssamtalar der lærar og elev/foreldre møtest og der eleven sin læringsprosess og læringsresultat, trivsel og innsats er tema for dialog og vurdering.

Hovudarenaene for læringa til eleven er undervisningstimane og heimearbeidet. Men

læring går også føre seg i andre samanhengar. Å delta i ulike formidlingssamanhengar er ein viktig del av ein læringsprosess. Motivasjonen blir særskilt styrkt når elevane får samarbeide med andre som har komme lengre enn dei sjølve. Elevane må få moglegheit til å undre seg og eksperimentere; til å vere forskarar. Dei må få oppdage uttrykksmidla og ta dei i bruk.

Elevmedverking og motivasjon heng saman. Gjennom dialog mellom elev og lærar, der elevane får vere med å leggje planar, utvikle evna til eigenvurdering, sei si meining om miljøet på kulturskulen, undervisninga og korleis dei lærer, får eleven innverknad på eigen læringsprosess.

### **2.3.2. Samarbeid om ei heilskapleg kunst- og kulturopplæring**

Læreplanverket for grunnskulen appellerer til eit samarbeid mellom grunnskule og kulturskule i faga musikk samt kunst og handverk. I tillegg til samarbeid om innhaldet i faga, kan kulturskulen sine lærarar vere ein viktig ressurs for undervisninga i grunnskulen gjennom felles prosjekt. Kulturskulelærarar som jobbar i kombinerte stillingar mellom kulturskule og grunnskule eller vidaregåande skule, har særlege kunnskarar om kulturskuleelevane sin kunst- og kulturfaglege kompetanse. Ei heilskapleg kunst- og kulturopplæring kan ta vare på dei ulike elevgruppene sine behov gjennom systematisk samarbeid og ressursbruk.

Digitale verktøy kan vere eigna til elevar sitt arbeid med kunstfaga. Mediekvardagen til elevane er prega av at mange typar kommunikasjon og uttrykksmåtar verkar saman; til dømes bilete, lyd, design og verbalspråk. Det kan stimulere til kunst- og kulturprosjekt som tar vare på det tverrfaglege og sidestilte uttrykksformer. Læring gjennom digitale medium er ein stadig aukande aktivitet for barn og unge, og bør også inngå i kulturskulane si undervisning.

### **2.3.3. Vurdering for læring**

Vurdering for læring inneber rettleiing, tilbakemeldingar til eleven og utviklingssamtalar med foreldre, der hensikta er å skape best moglege føresetnader for utviklinga til eleven. Kulturskulelærarane sitt arbeid med vurdering innanfor ulike fag og program bør blir styrkt gjennom systematisk kompetanseheving.

Ein må klargjere samanhengen mellom kunstnariske mål, kriterium, motivasjon og rettleiing. Målet er å utvikle ein god og framtidretta vurderingskultur tilpassa kulturskulen sitt særpreg.

På institusjonsnivå er det nødvendig med kontinuerleg vurdering av undervisningsformer og organisering, og av alle støttefunksjonar som bidreg til eleven si utvikling.

## 2.4. Lærarrolla og profesjonen

*«Lærarane avgjer ved sin veremåte om elevane si interesse skal bestå, om elevane kjenner seg flinke og om deira iver skal vare ved.» (K06, Generell del).*

Læraren sitt møte med eleven og eleven sitt møte med dei kunstnariske aktivitetane er det sentrale i kulturskulen. Kulturskulelæraren må ha eit bevisst forhold til dei mange rollene sine som profesjonsutøvar: Pedagog, utøvar, leiar av små og store grupper, organisator, prosjektleiar, koordinator, inspirator, kulturberar, vurderar og kollega.

Leiinga må leggje til rette for at lærarane får dele og kritisk vurdere yrkeskunnskapen sin. Dei må kunne skildre og grunngje praksisen sin med eit felles fagspråk. Slik kan ulike kunnskapsformer i større grad komme til uttrykk og profesjonaliteten bli løfta fram, ikkje minst i kontakten med personar og institusjonar utanfor kulturskulen.

Kulturskulen bør leggje vekt på og stimulere ulike kompetansar hos læraren. Desse bør vere gjenstand for refleksjon og tolking, og bli lagt til grunn for dialogar om arbeidsmiljø og læringsmiljø.

Kvaliteten av kulturskulen vil avhenge av at lærarane har ein arbeidssituasjon der dei kan utvikle seg som utøvarar av faget sitt. Lærarane si rolle som aktive utøvarar skapar gode førebilete for elevane.

## 2.5. Kvalitet i kulturskulen

Kvaliteten på undervisninga bør vere gjenstand for kontinuerleg debatt i kulturskulen. Skuleeigar har ansvar for at det finst eit kvalitetssikringssystem for verksemda, og skuleleiar har ansvaret for å gjennomføre eit systematisk kvalitetssikringsarbeid. Arbeidet har som mål å bidra til utvikling av kulturskulen på alle målområda i rammeplanen. Viktige element i kulturskulen sitt kvalitetsarbeid kan vere:

Undervisnings- og læringskvalitet:

- Elevane sin eigeninnsats og aktivitet
- Forholdet mellom mål og realisering av dei ulike programma
- Undervisning, læringsprosessar og læringsmiljø
- Lærarkompetanse og kollegasamarbeid
- Pedagogisk utviklingsarbeid

Kvalitet i rammefaktorar:

- Rutinar for elevopptak
- Mengde undervisningstid og organisering av undervisninga
- Utstyr og lokalitetar
- Ressursbruk

Verksemdskvalitet:

- Samarbeid mellom heim og kulturskule

- Kompetanseutviklingsplanar for lærarar og leiarar
- Samarbeid mellom kulturskule og eksterne kompetansemiljø
- Aktivitetsnivå, tal på konsertar/framsyningar/utstillingar
- Kulturskulen sitt system for kvalitetssikring
- Langsiktig perspektiv i verksemdsplanlegginga
- Arbeidsmiljø
- Leiing
- Samarbeid mellom kulturskule og eksterne samarbeidspartnarar

## KAPITTEL 3 – VEDTEKTER OG TILTAKSPLAN

### Vedtekter

#### Organisering:

- Vinje kulturskule skal ha tilsett rektor, og i tillegg nødvendige lærarar for til ei kvar tid å kunne dekke opp eksisterande tilbod
- Rektor for kulturskulen har det faglege, pedagogiske og administrative ansvaret for drifta
- Vinje kulturskule skal så langt det er mogleg gje eit desentralisert kulturtilbod, slik at born frå alle tre ungdomskule-krinsane får det same høve til å vera med i kulturskulen sine aktivitetar

#### Undervisninga:

- Undervisninga kan organiserast både som individuell undervisning, gruppeundervisning og undervisning i samspel
- Ein individuell undervisningstime varar normalt i 30 minutt. For unge nybegynnarar kan undervisningstimen vere i 20 minutt.
- Gruppeundervisning og samspelsundervisning varar mellom 45 til 60 minutt

#### Økonomi:

- Elevkontingenten er på 1200,- pr. semester for ein individuell time og blir betala kvart halvår
- For gruppeundervisning med 3 elevar eller fleire er prisen 1100,- pr. semester pr. elev

*Desse kontingentane er ikkje indeksregulert. Kontingenten skal betalast for heile semestret sjølv om eleven sluttar i løpet av semestret.*

- Det er syskenmoderasjon på 50 % frå og med sysken nummer to
- Det er moderasjon på 50 % på undervisningsplass nr. 2 for elevar som går på fleire tilbod

*Moderasjonane blir gitt på dei lågaste summene*

- Kulturskulen har friplassar til barnevernet, miljøheimen, flyktingtenesta, VO, og liknande. Dette avtalast etter behov.
- Kulturskulerektor gjer eigne avtaler med korps, kor og andre lag og organisasjonar som driv kulturarbeid
- Instrumentleige er 350,- pr. semester. Elevane har ansvar for kulturskulen sine



Instrument, og skade på instrument må erstattast etter avtale

**Opptak:**

- Kulturskulen har fortløpande opptak så lenge det er ledig plass. Både søknad og oppseiing av plassen skal skje skriftleg via elektronisk søknadsskjema på heimesida til kommunen.
- Avmeldingsfrist for det komande semesteret er 1.6. og 1.12. Etter desse datoane er elevane automatisk overført til det komande semesteret.
- Elevane har 3 undervisningstimar prøvetid. (Det vert då vurderer av lærar og føresett om eleven skal fortsette). Etter dette har eleven fast plass i kulturskulen som blir overført frå semester til semester.
- Prioritering ved opptak er:
  - a) Elevar som har plass frå før
  - b) Elevar frå grunnskulen og vidaregåande skule
  - c) Vaksne
  - d) Søkjarar frå andre kommunar

## TILTAKSPLAN 2022-2024

- Kulturskulen skal i samarbeid med Vinjeskulen sette opp ein rockemusikal kvart vårsemester
- Kulturskulen skal i samarbeid med dei lokale folkemusikklaga arrangere folkemusikk dagar for barn og unge kvart semester
- Kulturskulen skal ha ansvar for arrangement og gjennomføring av Ung Kultur Møtes (UKM), med hjelp frå skulane, lag og foreiningar og andre som jobbar med ungdom
- Kulturskulen skal gå til innkjøp av administrasjonsprogrammet *Speedadmin* som er spesielt utvikla for kulturskuledrift
- Kulturskulen skal etablere ein rockeverkstad i Øyfjell
- Kulturskulen skal i samarbeid med Vinjeskulen leggje ein plan for felles musikkundervisning på småskulen
- Kulturskulen skal kartleggje mogelheitene for eit fordjupingsprogram innan teaterfaget
- Vinje Kulturskule skal, aleine eller i samarbeid med andre lag og organisasjonar, utvikle tiltak på skapande skiving og visuell kunst og formgjevingsfag, eller ein kombinasjon av desse. Ein tar sikte på at tiltaket skal vera klart som ei prøveordning frå og med hausten 2020

Tiltaksplanen skal reviderast hausten 2023 og gjeld for 2 nye år.

## **KAPITTEL 4 –FAGPLANANE I VINJE KULTURSKULE**

### **4.1. Generelt om fagplanane i Vinje kulturskule**

Vinje kulturskule har utarbeida lokale fagplanar i dei faga som skulen pr. i dag tilbyr. Planane kan variere litt ettersom det er den enkelte lærar sin kompetanse og erfaringar som speiler denne.

På bakgrunn av desse lokale fagplanane vil det bli utarbeida undervisningsplanar for kvar enkelt elev. Dette blir gjort i samråd med elev og foreldre.

Fagplanane vil bli revidera kvart år internt i kulturskulepersonalet slik at dei til ein kvar tid er oppdatera og retningsgivande for den undervisninga som blir gjeve.

Vinje kulturskule har i dag ikkje eit eiga fordjupings-tilbod, men samarbeider regionalt om igangsetting av slike tilbod innanfor folkemusikk og rytmisk musikk.

## 4.1. Fagplan for gitarundervisninga

### Overordna mål

Gjennom arbeidet med musikk skal elevane

- Oppnå gode ferdigheitar på instrumentet sitt, på alle nivå og ut frå ambisjonsnivå
- Oppleve mestringsglede og positiv sjølv utvikling
- Utvikle seg til sjølvstendige utøvarar som har glede av musikk livet igjennom
- Bli aktive lyttarar med eit nært forhold til musikk
- Utvikle evna til samspel og samarbeid
- Få mogeligheit til fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i musikk
- Bli ressurspersonar som bidreg til eit levande kulturliv

### Om undervisninga

Innhaldet i undervisninga skal bidra til å utvikle handverksmessig og kunstnarisk kvalitet, sjølvstende og samspelsevne. Undervisning og rettleiing er tilpassa den enkelte eleven og går føre seg individuelt, i grupper og i ulike ensemble. Nær kontakt mellom lærar og føresette er viktig for å oppnå gode resultat. Skuleåret har 36-37 undervisningsveker.

### Fasar

Opplæringa delast inn i fire fasar.

- 1: Begynnarfase
- 2: Mellomfase
- 3: Øvre mellomfase
- 4: Vidarekome fase

Éin og same elev kan vere på ulike fasar når det gjeld musikkforståing, teknikk, notesing eller gehørutvikling. Dei individuelle føresetnadene til eleven vil vere utslagsgivande for progresjon og val av innhald. Det er derfor ingen tidsplan knytt til dei ulike fasane, men ein rettleiande progresjon tilseier frå eitt til fire år på kvar fase.

### Nøkkelpetansar

Undervisninga i Kjerneprogrammet er samla rundt fem nøkkelpetansar: *øve, framføre, høyre, lese, lage*. Dei representerer eit langsiktig læringssyn og er nøkkelen til å lykkast i faget, utan omsyn til kva nivå eleven er på. Dei må sjåast i samanheng.

### Øve

Å kunne øve inneber at eleven lærer å vere sin eigen lærar. Eleven må kunne planleggje og gjennomføre øving, repetere, lytte kritisk og gi seg sjølv konstruktiv tilbakemelding. Målet er å *utøve musikk* og gå inn i eit musikkuttrykk med heile seg. Mykje tid må setjast av til dette.

### Framføre

Å kunne framføre inneber å uttrykkje og vekkje kjensler på eit djupare plan, arbeide med formidling, konsentrasjon, presentasjon, stressmeistring, innspeling og konsertproduksjon. Det gjeld både solospel og framføring saman med band/ensemble, korps, orkester, kor, profesjonelle musikarar og elevar frå andre kunstformer.

### Høyre

Å kunne høyre handlar om å lytte, analysere, samhandle, samspele, imitere og improvisere med stemme, instrument og gjennom dans og rørsle. Det dreiar seg også om å transkribere musikk, lytte kritisk til eige spel og verdsetje musikk.

### Lese

Å kunne lese dreiar seg om å oppfatte, tolke og forstå musikalske grunnelement som teikn, motiv, tema og formforløp på grunnlag av notasjon, for så å gjenskape dei. Gjennom gjenkjenning og bruk av elementa utviklar ein forståing for korleis strukturar pregar musikalske uttrykk. Det enkelte lærarkollegiet må diskutere spørsmålet om korleis dette skal vektast for at tradisjonsgrunnlaget i ulike musikkjangrar skal takast vare på. Prima vista-spel vil vere ein del av kompetansen.

### Lage

Å kunne lage inneber arbeid i spennet frå intuitive improvisasjonar via komponering og låtskriving til vidareformidling av musikalske idear i samspel, dessutan utvikling av kompetanse i ljoddesign, musikkteknologi og konsertproduksjon. Å meistre ulike former for notasjon og på ulike måtar ta vare på eigenkomponert musikk, står sentralt.

## 1: Begynnarsfase

*"Sometimes the nicest thing to do with a guitar is just look at it" - Thom Yorke*

Nøkkelkompetanse	Innhald
Øve	<ul style="list-style-type: none"><li>- Lære korleis ein skal halde instrumentet og lærer litt om korleis ein skal handsame det. Sittestilling og handstilling</li><li>- Lære om gitarens anatomi</li><li>- Forstå prinsippa om stemming av gitaren - lære strengenes namn og nummer. Lære og bruke stemme apparat eller stemme app.</li><li>- Lærer grunnlegeakkorder A, D, E, Am, Dm, Em</li><li>- Få innføring i enkelt akkordspel - Synge og spele enkle songar frå besifring.</li><li>- Forstå prinsippa om øving og kva som er forventa av eleven.</li></ul>
Lage	<ul style="list-style-type: none"><li>- komponere egne melodiar/songar.</li></ul>
Lytte	<ul style="list-style-type: none"><li>- imitere, spele/synge melodiar og rytme på gehør.</li><li>- Rytme - Kunne finne grunnpulsen i musikken</li><li>- lytte til og vurderer egen musisering</li></ul>
Lese	<ul style="list-style-type: none"><li>- Tablatur - Kunne forstå og bruke tablatorsystemet</li><li>- Noteverdiar og pauseteikn - Vite skilnad på 1-1/2-1/4-1/8 dels notar samt pauseteikn</li></ul>
Framføre	<ul style="list-style-type: none"><li>- spele/synge saman med lærar og/eller andre elevar på små konsertar</li></ul>

## 2: Mellomfase

*"I had no aspirations to be a musician, but I picked up the guitar for two seconds and haven't put it down since" - Slash*

Nøkkelkompetanse	Innhald
Øve	<ul style="list-style-type: none"><li>- Lære enkle skalaer - pentaton skala og dur skala</li><li>- improvisere med utgangspunkt i pentatonisk skala og andre ulike skalaer.</li><li>- lære fleire opne akkordar - dur, moll og 7 akkordar</li><li>- Lære om oppbygging av akkordar</li><li>- lære halvbarre akkordar og power chords</li><li>- lære fleire rytmemønster (strumming)</li><li>- Lære rytmeteknikkar - strengdemping, ompa kompet.</li><li>- lære enkelt fingerspel</li><li>- lære andre speleteknikkar, strengbøying, glissando, flageolettar, plekterteknikk.</li><li>- oppvarmingsøvingar</li></ul>

	- Gitarvedlikehald - skifte strenger.
<b>Lage</b>	- komponere egne melodiar/songar.
<b>Lytte</b>	- Imitere ulike musikalske former og uttrykk, til dømes blues, country, rock/pop. - Forstå prinsippa om stemming av gitaren på gehør.
<b>Lese</b>	- lære notenamn på E og A strenger - Forstå prinsippa om stemming av gitaren på gehør. - lære om songstruktur.
<b>Framføre</b>	- sceneteknikk, framførings teknikkar og formidling. - Lære og spele med ein fot på monitoren. - gjera musikkinnspelningar saman med lærar og/eller andre elevar. - spele/synge saman med lærar og/eller andre elevar på konsertar

### 3: Øvre mellomfase

*"I just go where the guitar takes me" - Angus Young*

Nøkkelkompetanse	Innhald
<b>Øve</b>	- lære andre speleteknikkar - tapping, pinch harmonics, alternativstemming, drop tunings, slide, sweeping. - lære barre grep og lære CAGED system - improvisere med utgangspunkt i ulike improvisasjonsteknikkar og tradisjonar - Lære om solospel og oppbygging av soloar. - planlegge øving saman med læraren - Gitarvedlikehald - 'truss rod' og strenghøgde
<b>Lage</b>	- bruker opptak av eige spel som øvingsmetode
<b>Lytte</b>	- vurderer eige spel
<b>Lese</b>	-lære å lese tabulatur med spesialteikn.
<b>Framføre</b>	- Lære og spele med ein fot på monitoren mens ein utfører 'screaming solo lean-back, open-mouth, closed-eyes' teknikk. - gjera musikkinnspelningar aleine og i grupper - spele konsertar med formidlingsvilje - planlegge konsertprosjekt saman med læraren

#### 4: Vidarekomande fase

*"Fleetwood Mac. Led Zeppelin...they didn't have anybody in the line-up as f\*\*\*ing brilliant as me" Noel Gallagher*

Nøkkelkompetanse	Innhald
<b>Øve</b>	- instruere og øve med små ensemble
<b>Lage</b>	- improvisere i ulike stilartar - tilpasse arrangement, komponere og arrangere musikk for relevante besetningar -lage langsiktige øvingsplanar og arbeide kontinuerlig med å optimalisere øvingsmåtar
<b>Lytte</b>	-gjere auditive analyser av musikkstykkka si form og innhald
<b>Lese</b>	- Lære om transponering.
<b>Framføre</b>	- innstudere og framføre musikk med integritet - spele solokonsertar - lede planlegging, gjennomføring og presentasjon av konsertar

#### Fordjupingsprogrammet

Nøkkelkompetanse	Innhald
<b>Øve</b>	- instrumentaltekniske ferdigheter på høgt nivå - nytte god musikkfagleg terminologi - nytte ulike oppvarmings-, avspennings- og konsentrasjonsteknikkar - har etablert gode øvings- og innstuderingsstrategiar og reflekterer over eigen utvikling på instrumentet - er budd til opptaksprøver og vidare musikkstudie
<b>Lage</b>	- improvisere i ulike stilartar - tilpasse arrangement, komponere og arrangere musikk for relevante besetningar -lage langsiktige øvingsplanar og arbeide kontinuerlig med å optimalisere øvingsmåtar
<b>Lytte</b>	-godt utvikla gehør
<b>Lese</b>	- knyter teorikunnskapar til det utøvande arbeidet
<b>Framføre</b>	- innstudere og framføre musikk med integritet og personleg uttrykk - eit stort og variert repertoar for instrumentet sitt - har omfattande konserttrening - har brei erfaring med ensemblespel og konsertproduksjonar - vere eit godt førebilete for andre elevar



### 4.3. Fagplan for pianoundervisninga

#### Overordna mål

Gjennom arbeidet med musikk skal elevane

- Oppnå gode ferdigheitar på instrumentet sitt, på alle nivå og ut frå ambisjonsnivå
- Oppleve mestringsglede og positiv sjølv utvikling
- Utvikle seg til sjølvstendige utøvarar som har glede av musikk livet igjennom
- Bli aktive lyttarar med eit nært forhold til musikk
- Utvikle evna til samspel og samarbeid
- Få mogeligheit til fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i musikk
- Bli ressurspersonar som bidreg til eit levande kulturliv

#### Om undervisninga

Innhaldet i undervisninga skal bidra til å utvikle handverksmessig og kunstnarisk kvalitet, sjølvstende og samspelsevne. Undervisning og rettleiing er tilpassa den enkelte eleven og går føre seg individuelt, i grupper og i ulike ensemble. Nær kontakt mellom lærar og føresette er viktig for å oppnå gode resultat. Skuleåret har 36-37 undervisningsveker.

#### Fasar

Opplæringa delast inn i fire fasar.

- 1: Begynnarsfase
- 2: Mellomfase
- 3: Øvre mellomfase
- 4: Vidarekome fase

Éin og same elev kan vere på ulike fasar når det gjeld musikkforståing, teknikk, noteslesing eller gehørutvikling. Dei individuelle føresetnadene til eleven vil vere utslagsgivande for progresjon og val av innhald. Det er derfor ingen tidsplan knytt til dei ulike fasane, men ein rettleiande progresjon tilseier frå eitt til fire år på kvar fase.

## Nøkkelkompetansar

Undervisninga i Kjerneprogrammet er samla rundt fem nøkkelkompetansar: *øve*, *framføre*, *høyre*, *lese*, *lage*. Dei representerer eit langsiktig lærings syn og er nøkkelen til å lykkast i faget, utan omsyn til kva nivå eleven er på. Dei må sjåast i samanheng.

### Øve

Å kunne øve inneber at eleven lærer å vere sin eigen lærar. Eleven må kunne planleggje og gjennomføre øving, repetere, lytte kritisk og gi seg sjølv konstruktiv tilbakemelding. Målet er å *utøve musikk* og gå inn i eit musikkuttrykk med heile seg. Mykje tid må setjast av til dette.

### Framføre

Å kunne framføre inneber å uttrykkje og vekkje kjensler på eit djupare plan, arbeide med formidling, konsentrasjon, presentasjon, stressmeistring, innspeling og konsertproduksjon. Det gjeld både solospel og framføring saman med band/ensemble, korps, orkester, kor, profesjonelle musikarar og elevar frå andre kunstformer.

### Høyre

Å kunne høyre handlar om å lytte, analysere, samhandle, samspele, imitere og improvisere med stemme, instrument og gjennom dans og rørsle. Det dreiar seg også om å transkribere musikk, lytte kritisk til eige spel og verdsetje musikk.

### Les

Å kunne lese dreiar seg om å oppfatte, tolke og forstå musikalske grunnelement som teikn, motiv, tema og formforløp på grunnlag av notasjon, for så å gjenskape dei. Gjennom gjenkjenning og bruk av elementa utviklar ein forståing for korleis strukturar pregar musikalske uttrykk. Det enkelte lærarkollegiet må diskutere spørsmålet om korleis dette skal vektast for at tradisjonsgrunnlaget i ulike musikkjangrar skal takast vare på. Prima vista-spel vil vere ein del av kompetansen.

### Lage

Å kunne lage inneber arbeid i spennet frå intuitive improvisasjonar via komponering og låtskriving til vidareformidling av musikalske idear i samspel, dessutan utvikling av kompetanse i ljoddesign, musikkteknologi og konsertproduksjon. Å meistre ulike former for notasjon og på ulike måtar ta vare på eigenkomponert musikk, står sentralt.

## 1: Begynnarfase

“I haven't understood a bar of music in my life, but I have felt it.” *Igor Stravinsky*

Nøkkelkompetanse	Innhald
<b>Første møte</b>	<p>På første timen blir vi litt kjent med kvarandre, lærer og elev. Her kan gjerne føresette være med på timane, så vurderer dei sjølv og saman med lærar når eleven fortsett aleine på timane.</p> <p>Vi prøver pianoet og finn ut om eleven kan noko frå tidligare og om han har piano eller øvingsmoglegheiter heime.</p> <p>Foreldre må sjå til at sittestilling og handstilling heime er i samsvar med det vi øver inn her.</p> <p>Vi prøver enkle melodiar og finn ei god sittestilling og handstilling.</p> <p>Vi finn ut av pianoets virkemåte og vi prøver å få alle fingrane til å spille.</p> <p>I starten av begynnerfasen legg ein mest vekt på å oppleve mestring og glede, både i samspill med lærer og aleine. Vi prøver å ha det moro saman, gjerne leike litt med musikk og instrument.</p> <p>Enkle melodiar speler vi saman, lærer viser og eleven hermer. Det same gjer vi med herming av enkle rytmar og grunnpuls.</p> <p>Etter kvart øver vi på å spille melodiar i forskjellige tempo og grunnpuls.</p>
<b>Høyre</b>	<p>I denne fasen introduserast etterkvart fleire enkle melodiar, alt på gehør og i samspel med lærar eller aleine.</p> <p>Desse melodiane kan for dei yngste vere: Varme brød, Til Paris, Småfroskene, Tornerose, Mari har eit lite lam, Blinke Lille stjerne.</p> <p>Vidare undervisning blir lagt opp etter elevens framgang og ønske.</p> <p>For dei eldre elevane kan melodivalet variere ut frå ynskje. Etterkvart blir det introdusert ei pianobok.</p>

<p><b>Øve</b></p>	<p>Vi bruker " Pianogehör " 1 ( etter kvart nr 2 og 3)</p> <p>Ferdighet i notelesing, gehør-spill og besifnings-spill blir prøvd utvikla parallelt.</p> <p>Teoretisk bakgrunn som ein kan innom i denne begynnarfasen: Grunnpulss og tempo. Ein prøver å relatere pulss til kroppslege ferdigheter: gå, springe, klappe, danse osv. Kort sagt, kjenne den musikalske pulsen att i kroppen.</p> <p>Rytmsk underdeling i pulsen / tempo.</p> <p>Utvikling av motoriske ferdighet: vi øver på fingerteknikk. Her er god sittestilling og handstilling viktig.</p>
<p><b>Framføre</b></p>	<p>Elevar som har lyst til det, får spele piano på kulturskolens konsertar.</p> <p>Eksempel på konsertar : «Barn spiller for barn», «Vestibylekonsert», julekonsertar, semester-avslutninger på helsesenter, vårkonsert osv.</p> <p>Etter kvart kan det kome tilbod om samspel, enten med elevar på same instrument eller andre instrument.</p>
<p><b>Lese</b></p>	<p>Lese notenamn og namna på tangentane.</p> <p>Besifring og akkorder. Til dømes Dm, C, G, F. Både open kvint, grunnstilling og ters-akkordar. Også alterert bass.</p> <p>Lese rytmikk / noteverdiar.</p> <p>Spille prima vista, dvs "første syn".</p> <p>Etter kvart vil elevane få note / musikkstykke som er tillegg til stykke i pianoboka. Det er oftast eigenproduserte arrangement som er tilpassa nivået til kvar enkelt elev.</p>

## 2: Mellomfase

“One chord is fine. Two chords are pushing it. Three chords and you're into jazz.” *Lou Reed*

Nøkkelkompetanse	Innhald
Generelt	Eleven er no komen ca. halvvegs i bok 1. No vert det meir fokus på notelesing.
Lese	<p>Læreboka er ikkje alltid konsekvent på besifringshjelp i lesinga (venstre hands akkompagnement). Dersom eleven har behov for det, legg ein til besifring som eit hjelpemiddel under innøvinga.</p> <p>Elles legg ein til besifringa som eit tillegg for å implementere forståing og læring av besifringsteikna. Som eit forsøk på tidleg læring av akkordforståing.</p> <p>Døme: C, C7, C/G, C/E, (dvs hovudakkord, med alterert grunnbass, og utvida akkordar / og altererte akkordar).</p> <p>Ein byrjar å gjere eleven kjent med fleire musikkuttrykk. Tempo, styrketeikn, repetisjonsteikn.</p> <p>Fortsatt trening på notelesing og pauseteikn.</p> <p>Repetisjonsteikn, dynamikkuttrykk ( forte, piano, mf, mp, pp, ff ) Det vil fortsatt vere vekt på sitte og hanskstilling og fingerteknikk.</p>
Høyre	<p>Finne kva som er musikkstykkets naturlege uttrykk: Skummelt, lett, roleg, vilt, raskt osv.</p> <p>Dynamikk: volum, sterkt, svakt osv. Finne ut kva for akkompagnement som passar og kvar på pianoet det kling best.</p>
Lage	<p>Omfanget av besifringsnotasjon er no etterkvert så stort ( C, G, Dm, F, G7) at vi finn ut kva for tonar som passar best i kvar akkord. Så kan vi lage enkle melodiar på desse. Og spele dei saman.</p>
Øve	<p>Teknikk og fingerøvingar.</p> <p>Ansvar for eigen innøving. Metodar i for innøving. Finne flyt og samanhengar i musikkuttrykket. Fraser og temposkifte.</p>
Framføre	<p>Dei fyrste konsertane kan vere « Barn spelar for barn» og « Vesibylekonsert» og « Elevkonsert før jul og sumar».</p>

### 3: Øvre mellomfase

“The practice of art isn't to make a living. It's to make your soul grow.” Kurt Vonnegut

Nøkkelkompetanse	Innhald
<b>Generelt</b>	<p>Eleven bør no kunne spele greitt etter notar med høgre hand. Nokon vil kanskje slite med notelesinga for venstre hand. Då vert det meir fokus på dette. Lærebok er no «Pianogehör 2»</p>
<b>Øve</b>	<p>Eleven tek no i bruk pianoets sustainpedal (klangpedal) i enkelte musikkstykkje.</p> <p>Innøving av riktig bruk av pedalen kombinerast med innøving av arpeggioar i diverse akkordar, gjerne via besifringsteikna.</p> <p>Spele stykkje i forskjellige taktartar. Utføre bue, staccato, legato, frase.</p> <p>Spele akkordar i rytmisk akkompagnement. Trene brutte akkordar, arpeggioar,</p> <p>Bli kjent med treklanger / akkordar i grunnstilling samt 1. og 2. omvending.</p> <p>Skalaer i dur og moll i vanlegaste toneartane.</p> <p>Øve inn og bli sikker i utvida akkordar og alternativ bass i desse.</p> <p>Det er fortsatt viktig at foreldre tek kontakt om dei lurar på noko. Eller vil ta ein tur innom for ein liten konsert eller sjå korleis undervisninga går føre seg. Med foreldre kan ein ta opp høve som: Øving heime, piano/keyboard, samspel med andre elevar, erfaringar med konsertar og mykje anna...</p>
<b>Lese</b>	<p>Lære om intervall i forskjellige dur / moll-toneartar. Sekund, ters, kvart, kvint og septim. Skalaoppbygging i dur og moll. Lesetrening: tilleggs-stoff til boka etter behov og ynskje frå eleven. Akkordrekke øvast inn i passe akkompagnementsleie. Og som arpeggio med klang og tørt, i diverse rytmer og taktartar.</p>
<b>Høyre</b>	<p>Øve på å høyre forskjell på dur og moll. Høyre septimakkordar og ledetoneeffekt / ledeeffekt i akkorden og akkordrekke. Gehørspel. Ein melodibank for gehørspel kan vere: Salve Kallevik: <i>Spill med akkorder</i> Visebøker</p>

<b>Framføre</b>	<p>Eleven kan delta på kulturskulens konsertar. Framføring av repertoaret for familie og vener er også god framføringstrening. Deltaking i grupper / samspel og framføre det innøvde på konsert er viktig.</p>
<b>Lage</b>	<p>Bruke dei kjende akkordane når ein lager ny musikk ( solo-melodiar og akkompagnement).</p> <p>På akordrekker / akkordskjema kan vi lage nye melodiar og utforske diverse typar akkompagnement til desse. Omfanget av akkordkunnskap vil variere etter eleven sitt progresjonstempo.</p>

#### 4: Vidarekomande fase

“The best music... is essentially there to provide you something to face the world with.”

*Bruce Springsteen*

Nøkkelkompetanse	Innhald
<b>Generelt</b>	Lærebok vil no vere «Pianogehör 3» og utfyllande stykke (notebasert ), for det meste eigenprodusera arrangement som tilpassast kvar elev. Samd kjende og ukjende pianostykke.
<b>Øve</b>	Fokus på: <ul style="list-style-type: none"><li>- å utvide ferdigheitene frå dei tidlegare fasane</li><li>- å gjennomgå og øve inn mindre etydar og konsertstykke, eigne ynskje om repertoar</li><li>- arbeide med akkompagnementsoppgåver og konsertstykke.</li></ul>
<b>Lese</b>	Gjere seg kjend med elektroniske tangentinstrument som: el-piano, synthesizer og andre keyboardvariantar.  Lære prinsippa om besifnings-/akkordspel til singel notert melodilinje. Ei generell visebok er ein nyttig idebank for slik trening. Likedan alle dei mange « Real fakebook « -utgåvene som finst.
<b>Framføre</b>	Spele på konsert, både solo og i samspel. Deltaka i grupper med musikktype etter ynskje.
<b>Høyre</b>	Finne andre utøvarar på Youtube og andre media. Gjere seg kjend med ulike stilartar og beskrive forskjellar og likskapar. Trene på å finne tonartar, akkordprogresjonar og akkomagnements-stil i høyrd musikk og gjenskape / eller omforme denne til eigen bruk.
<b>Lage</b>	Komponere og framføre eigen musikk. Gjerne etter kjente akkordrekker men og etter nye / eigne idear. Utforske nye «klangbilete».



## 4.4. Fagplan for songundervisninga

### Overordna mål

Gjennom arbeidet med musikk skal elevane

- Oppnå gode ferdigheitar på instrumentet sitt, på alle nivå og ut frå ambisjonsnivå
- Oppleve mestringsglede og positiv sjølv utvikling
- Utvikle seg til sjølvstendige utøvarar som har glede av musikk livet igjennom
- Bli aktive lyttarar med eit nært forhold til musikk
- Utvikle evna til samspel og samarbeid
- Få mogeligheit til fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i musikk
- Bli ressurspersonar som bidreg til eit levande kulturliv

### Om undervisninga

Innhaldet i undervisninga skal bidra til å utvikle handverksmessig og kunstnarisk kvalitet, sjølvstende og samspelsevne. Undervisning og rettleiing er tilpassa den enkelte eleven og går føre seg individuelt, i grupper og i ulike ensemble. Nær kontakt mellom lærar og føresette er viktig for å oppnå gode resultat. Skuleåret har 36-37 undervisningsveker.

### Fasar

Opplæringa delast inn i fire fasar.

- 1: Begynnarfase
- 2: Mellomfase
- 3: Øvre mellomfase
- 4: Vidarekome fase

Éin og same elev kan vere på ulike fasar når det gjeld musikkforståing, teknikk, notelesing eller gehørutvikling. Dei individuelle føresetnadene til eleven vil vere utslagsgivande for progresjon og val av innhald. Det er derfor ingen tidsplan knytt til dei ulike fasane, men ein rettleiande progresjon tilseier frå eitt til fire år på kvar fase.

## Nøkkelpetansar

Undervisninga i Kjerneprogrammet er samla rundt fem nøkkelpetansar: *øve*, *framføre*, *høyre*, *lese*, *lage*. Dei representerer eit langsiktig læringsssyn og er nøkkelen til å lykkast i faget, utan omsyn til kva nivå eleven er på. Dei må sjåast i samanheng.

### Øve

Å kunne øve inneber at eleven lærer å vere sin eigen lærar. Eleven må kunne planleggje og gjennomføre øving, repetere, lytte kritisk og gi seg sjølv konstruktiv tilbakemelding. Målet er å *utøve musikk* og gå inn i eit musikkuttrykk med heile seg. Mykje tid må setjast av til dette.

### Framføre

Å kunne framføre inneber å uttrykkje og vekkje kjensler på eit djupare plan, arbeide med formidling, konsentrasjon, presentasjon, stressmeistring, innspeling og konsertproduksjon. Det gjeld både solospel og framføring saman med band/ensemble, korps, orkester, kor, profesjonelle musikarar og elevar frå andre kunstformer.

### Høyre

Å kunne høyre handlar om å lytte, analysere, samhandle, samspele, imitere og improvisere med stemme, instrument og gjennom dans og rørsle. Det dreiar seg også om å transkribere musikk, lytte kritisk til eige spel og verdsetje musikk. I samspel og stemmesong er det særdeles viktig å lytte til heilskapen i musikken og justere stemmeklang og toneleige/tonenhøgde (intonere) etter dei andre instrumentane/stemmene. Dette får musikken å bandet å høyres samspelt ut.

### Lese

Å kunne lese dreiar seg om å oppfatte, tolke og forstå musikalske grunnelement som teikn, motiv, tema og formforløp på grunnlag av notasjon, for så å gjenskape dei. Gjennom gjenkjenning og bruk av elementa utviklar ein forståing for korleis strukturar pregar musikalske uttrykk. Det enkelte lærarkollegiet må diskutere spørsmålet om korleis dette skal vektast for at tradisjonsgrunnlaget i ulike musikksgangrar skal takast vare på. Prima vista-spel vil vere ein del av kompetansen.

### Lage

Å kunne lage inneber arbeid i spennet frå intuitive improvisasjonar via komponering og låtskriving til vidareformidling av musikalske idear i samspel, dessutan utvikling av kompetanse i ljoddesign, musikkteknologi og konsertproduksjon. Å meistre ulike former for notasjon og på ulike måtar ta vare på eigenkomponert musikk, står sentralt.

## 1: Begynnarfase

*"Bruk dei evnar du har. Det ville bli svært stille i skogen hvis ingen andre song enn dei fuglane som syng best"*

Nøkkelkompetanse	Innhald
<b>Øve</b>	<p>Grunnleggande trening: Pust, holdning, tone-/klangdanning og oppvarming.</p> <p>Pust og teknikk: Lære seg å spare på luft (og ikkje ha for mykje luft på stemmen/bruke for mykje luft) og lære seg prinsippet for innpust. Gjere enkle pusteøvelsar. Eleven skal bli kjent/fortrolig med eiga stemme. Mellom anna syngje lyst/høgt og lavt/sterkt.</p> <p>Repertoar: Eit blanda repertoar av songar dei ynskjer å synge og songar som me velger.</p> <p>Vite om kven som har komponert og skrive tekst til songane.</p> <p>Syklus: Første songtime; presentere og øve inn ny song. Tekstforståing og uttale. Andre songtime; forsetje å jobbe med uttale og tekstforståing, men i tillegg øve på og forme klang, musikalsk frasering, dynamikk og uttrykk mm.</p> <p>Tredje songtime; framføre songen. Kunne utanåt. Me brukar lengre tid dersom songen ikkje sitter.</p>
<b>Framføre</b>	<p>Me øver på framføring på songtimane (jfr syklus) og på å presentere seg sjølv og songen. Gjerne med medelevar som publikum.</p> <p>Elevane kan vera med på framsyningar som "barn spelar for barn", vestibylekonsert og aldersheimbesøk. Anten synge aleine eller saman i gruppe og i samspel med andre instrument ( piano, gitar o.l ).</p>
<b>Høyre</b>	<p>Øyro er like viktige som stemmen. Ein kan tidleg begynne å øve på å lytte på seg sjølv når ein syng, lytte på andre i stemmesong og samspel, og på å justere stemmens farge og tonehøgde (intonering) etter dei andre.</p> <p>Lytte på ulike sjangere og på musikk frå andre land for å vekke interesse for andre tonaliteter og for å utvikle ein brei musikalsk forståing.</p>
<b>Lese</b>	<p>Eleven får ein innføring i enkel teori og musikkuttrykk gjennom songane han/ho syng. Eleven skal bli kjent med notebilete og sjå kor notasjon/ tonar går opp og ned (tonehøgde) og han/ho skal få inblikk i korleis ulike notar</p>

	har ulik lengde (noteverdiar), styrketeikn, repetisjonar med hus osv.
<b>Lage</b>	Improvisere ein eigen melodi over t.d. ein pentaton blueskala. Lage og utvikle enkle stemmer som ostinat og liknande.
<b>Musikalske opplevingar saman med andre (lærer og medelevar)</b>	Gruppetimar og fellesøvingar for å auke motivasjon og for å bidra til eit fellesskap.
<b>Meistringsoppleving</b>	Det legges stor vekt på tryggleik, trivsel og songglede. God kontakt med heimen er viktig. Dei må få info om kva me driv med. Slik blir foresatte eit resurs som kan bidra positivt med å auke motivasjon og å følge opp lekser.

## 2: Mellomfase

*"En vakker sang børster støvet av hjertet"* (svensk ordtak)

<b>Nøkkelkompetanse</b>	<b>Innhald</b>
<b>Øve</b>	Eleven jobbar vidare med pusteteknikk og oppvarmingsøvelsar for stemmen. Kroppshaldning. Tonedanning. Improvisere med stemmen. Tekstforståing og tekstuttale. Det stilles nå større krav til å øve heime. Lage ei lekseplan. Eleven bør lære songane utenat.
<b>Framføre</b>	Dei skal bli kjent med eit større songreportoar som for eksempel viser, folketonar, klassisk, pop og musikal. Eleven er no meire vant til å opptre. Dei kan ta del i større prosjekt. Syngje duettar eller i kor og eventuelt lage eit syngjespel. Alt i lag med elevar på andre instrument.
<b>Høre</b>	Dei kan jobbe med framføring (sceneopptreden) elevar kan lytte på kvarandre og gje tilbakemelding på en konstruktiv måte. Og bruke ljodopptak.
<b>Lese</b>	eleven skal nå kunne forstå eit enkelt notebilete. Styrkeangjeving. Legato og staccato
<b>Lage</b>	Lage tekst og melodi til en liten vise.

### 3: Øvre mellomfase

*"Minst en gang om dagen bør vi høre en liten sang, lese et dikt, se et vakkert bilde, og om mulig si et par fornuftige ord" ( Johann wolfgang von Gouthe ).*

Nøkkelkompetanse	Innhald
<b>Øve</b>	Eleven skal nå kunne varme opp og gjere stemmeøvingar på eiga hand. Arbeide sjølvstendig med songtekstar og melodiar. Lærar og elev arbeidar vidare med å utvikle tekniske ferdigheter. Eleven kan no oppleve mestring på sjølvstendig innstudering av songar. Dei kan bli utfordra til å lage eigne songar/ låter -tekst og melodi
<b>Framføre</b>	Elevene opptrer alene eller i grupper på ulike arenaer. Ukm, vårkonserten og andre arrangement i kommunen. Elevene kan oppmuntres til å gå på ulike konserter. Om mulig kan det arrangeres fellesturer til konserter ulike steder
<b>Høre</b>	Vi jobbar med gehør song og prima viste song. Meire notelære. Musikkhistorie. Song i ulike kulturar.
<b>Lese</b>	Elevene kan utfordrast til å lage eit syngjespel. Tekst og melodi saman med en enkel instrumentalgruppe
<b>Lage</b>	

### 4: Vidarekomande fase

*«Music is the healing force of the universe» Albert Ayler*

Nøkkelkompetanse	Innhald
<b>Øve</b>	Eleven arbeider sjølvstendig med eiga repertoar.
<b>Framføre</b>	Kunne stå på scenen og presentere det ein skal framføre. Ta imot applaus. Ha fokus på kroppsspråk. Sette saman konsertprogrammet sjølv og framføre på ulike arenaer.
<b>Høre</b>	Lytte aktivt til eigen song. Og til medelevar. Lage eigne opptak og bruke dei aktivt i innlæring.

<b>Lese</b>	Eleven kan nå lese noter betre . Melodilinjer og rytme. Musikkhistorie/sjangerlære og kunnskap om songane dei syng(innhald og låtskrivar)
<b>Lage</b>	Eleven lagar egne låtar. Tekst og melodi. Aleine og/eller saman med andre.

## 4.5. Fagplan for kveding-undervisninga

### Overordna mål

Gjennom arbeidet med musikk skal elevane

- Oppnå gode ferdigheitar på instrumentet sitt, på alle nivå og ut frå ambisjonsnivå
- Oppleve mestringsglede og positiv sjølv utvikling
- Utvikle seg til sjølvstendige utøvarar som har glede av musikk livet igjennom
- Bli aktive lyttarar med eit nært forhold til musikk
- Utvikle evna til samspel og samarbeid
- Få mogeligheit til fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i musikk
- Bli ressurspersonar som bidreg til eit levande kulturliv

### Om undervisninga

Innhaldet i undervisninga skal bidra til å utvikle handverksmessig og kunstnarisk kvalitet, sjølvstende og samspelsevne. Undervisning og rettleiing er tilpassa den enkelte eleven og går føre seg individuelt, i grupper og i ulike ensemble. Nær kontakt mellom lærar og føresette er viktig for å oppnå gode resultat. Skuleåret har 36-37 undervisningsveker.

### Fasar

Opplæringa delast inn i fire fasar.

- 1: Begynnarsfase
- 2: Mellomfase
- 3: Øvre mellomfase
- 4: Vidarekome fase

Éin og same elev kan vere på ulike fasar når det gjeld musikkforståing, teknikk, notelesing eller gehørutvikling. Dei individuelle føresetnadene til eleven vil vere utslagsgivande for progresjon og val av innhald. Det er derfor ingen tidsplan knytt til dei ulike fasane, men ein rettleiande progresjon tilseier frå eitt til fire år på kvar fase.

## Nøkkelpetansar

Undervisninga i Kjerneprogrammet er samla rundt fem nøkkelpetansar: *øve*, *framføre*, *høyre*, *lese*, *lage*. Dei representerer eit langsiktig læringsyn og er nøkkelen til å lykkast i faget, utan omsyn til kva nivå eleven er på. Dei må sjåast i samanheng.

### Øve

Å kunne øve inneber at eleven lærer å vere sin eigen lærar. Eleven må kunne planleggje og gjennomføre øving, repetere, lytte kritisk og gi seg sjølv konstruktiv tilbakemelding. Målet er å *utøve musikk* og gå inn i eit musikkuttrykk med heile seg. Mykje tid må setjast av til dette.

### Framføre

Å kunne framføre inneber å uttrykkje og vekkje kjensler på eit djupare plan, arbeide med formidling, konsentrasjon, presentasjon, stressmeistring, innspeling og konsertproduksjon. Det gjeld både solospel og framføring saman med band/ensemble, korps, orkester, kor, profesjonelle musikarar og elevar frå andre kunstformer.

### Høyre

Å kunne høyre handlar om å lytte, analysere, samhandle, samspele, imitere og improvisere med stemme, instrument og gjennom dans og rørsle. Det dreiar seg også om å transkribere musikk, lytte kritisk til eige spel og verdsetje musikk.

### Lese

Å kunne lese dreiar seg om å oppfatte, tolke og forstå musikalske grunnelement som teikn, motiv, tema og formforløp på grunnlag av notasjon, for så å gjenskape dei. Gjennom gjenkjenning og bruk av elementa utviklar ein forståing for korleis strukturar pregar musikalske uttrykk. Det enkelte lærarkollegiet må diskutere spørsmålet om korleis dette skal vektast for at tradisjonsgrunnlaget i ulike musikkjangrar skal takast vare på. Prima vista-spel vil vere ein del av kompetansen.

### Lage

Å kunne lage inneber arbeid i spennet frå intuitive improvisasjonar via komponering og låtskriving til vidareformidling av musikalske idear i samspel, dessutan utvikling av kompetanse i ljoddesign, musikkteknologi og konsertproduksjon. Å meistre ulike former for notasjon og på ulike måtar ta vare på eigenkomponert musikk, står sentralt.



## 1: Begynnarfase

«Fyrst må ein ape – så kan ein skape» - (Knut Buen)

Nøkkelpetanse	Innhald
Øve	<b>Eleven skal få kjennskap til eiga stemme ved å:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Imitere og syngje melodiar og rytmemønster på gehør</li><li>• Lære utanåt, utan tekst. (Dette gjeld dei yngste. Eldre nybyrjarar får også tekst)</li><li>• Rytme: Lære springartakt, gangartakt, stevrytmar, halling. Lære rytme ved å imitere fraser og bruke rørsler</li><li>• Fri rytmikk: Syngje frase for frase i staden for å fylgje ein puls</li><li>• Lite rettleiing av stemmebruk. Eleven skal bruke si naturlege songstemme som ligg nært opp til talemålet</li></ul>
Høyre	<ul style="list-style-type: none"><li>• Lytte til og bli kjend med eit standardrepertoar av kveding frå Vinje og Telemark. Alle får kvar sin CD eller tilgang til ei speleliste på Spotify/Tidal til bruk heime</li></ul>
Lese	<b>Teori/sjangerlære. Eleven skal:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Lære segner og soger som bakgrunnsstoff for det me syng</li><li>• Kveding er formidling av historier, eleven skal, gjennom samtaler med lærar, både lære og forstå teksten og konteksten</li><li>• Bli kjend med dei ulike sjangrane me syng. (t.d. bånsull, slåttestev)</li></ul>
Framføre	<b>Eleven skal få musikalsk oppleving saman med andre ved å:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kunne presentere for kvarandre: Entre scenen, fortelje kva ein skal kveda, takke for applaus, ha fokus på kroppsspråk</li><li>• Setje saman konsertprogram og delta på konsertar i regi av kulturskulen</li><li>• Få informasjon om høve til å delta på sjokoladekappleik eller andre kappleikar</li></ul>
Lage	<b>Eleven skal få meistringsoppleving og oppleve songglede gjennom:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Leik med læring som mål, t.d. «Beat for beat», songleikar, mimeleik og liknande</li></ul>

## 2: Mellomfase

«Å so er slåttan', og so er stevet  
og gangardansen du ser på tilet.

At noko eige vert spegla av

for å atte' gjeve det andre gav.» (Stev av Hallvard T. Bjørgum)

Nøkkelpetanse	Innhald
Øve	<p><b>Eleven skal få kjennskap til eiga stemme ved å:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Imitere og syngje melodiar og rytmemønster på gehør.</li><li>• Lære utanåt, utan tekst, men får teksten utdelt for å kunne øve heime.</li><li>• Rytme: Lære springartakt, gangartakt, stevrytmar, halling. Lære rytme ved å imitere fraser og bruke rørsler.</li><li>• Fri rytmikk: Syngje frase for frase i staden for å fylgje ein puls.</li><li>• Noko rettleiing av stemmebruk, men eleven skal framleis bruke si naturlege songstemme som ligg nært opp til talemålet.</li><li>• Bli medviten om eiga stemme og eigen songstil</li></ul>
Høyre	<ul style="list-style-type: none"><li>• Lytte til og bli kjend med eit standardrepertoar av kveding frå Vinje og Telemark. Alle får kvar sin CD eller tilgang til ei speleliste på Spotify/Tidal til bruk heime.</li><li>• Utvide lyttrepertoaret etter kvart til å gjelde kveding/vokal folkemusikk frå andre stader, men som har fellestrekk ved kveding frå Telemark.</li></ul>
Lese	<p><b>Teori/sjangerlære. Eleven skal:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Lære segner og soger som bakgrunnsstoff for det me syng.</li><li>• Kveding er formidling av historier, eleven skal, gjennom samtaler med lærar, både lære og forstå teksten og konteksten.</li><li>• Bli kjend med dei ulike sjangrane me syng. (t.d. slåttestev, nystev, bånsull, ballade, bygdevise, skjemtevise)</li><li>• Kunne skrive eigne nystev etter nystevform.</li><li>• Ha meir fokus på øving heime.</li></ul>
Framføre	<p><b>Eleven skal få musikalsk oppleving saman med andre ved å:</b></p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunne presentere for kvarandre: Entre scenen, fortelje kva ein skal kveda, takke for applaus, ha fokus på kroppsspråk.</li> <li>• Setje saman konsertprogram og halde konsertar på ulike arenaer, fortrinnsvis i regi av kulturskulen.</li> <li>• Få oppmoding om å delta på sjokoladekappleik og andre kappleikar.</li> </ul>
<b>Lage</b>	<p><b>Eleven skal få meistringsoppleving og oppleve songglede gjennom:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Leik med læring som mål, t.d. «Beat for beat», songleikar, mimeleik og liknande.</li> <li>• Lage egne opptak, lytte til kvarandre.</li> </ul>

### 3: Øvre mellomfase

«Tradisjon er det landskapet vi kommer fra og som vi beveger oss gjennom, der veiene vi går på, blir musikk.» (Ole Paus)

<b>Nøkkelkompetanse</b>	<b>Innhald</b>
<b>Øve</b>	<p><b>Eleven skal få kjennskap til eiga stemme ved å:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Imitere og syngje melodiar og rytmemønster på gehør.</li> <li>• Lære utanåt, men ha tekst til hjelp for å øve.</li> <li>• Rytme: Kunne springartakt, gangartakt, stevrytmar, halling. Lære rytme ved å imitere fraser og bruke rørsler.</li> <li>• Fri rytmikk: Syngje frase for frase i staden for å fylgje ein puls.</li> <li>• Syngje tostemt.</li> <li>• Noko rettleiing av stemmebruk, men eleven skal framleis bruke si naturlege songstemme som ligg nært opp til talemålet.</li> <li>• Lære om pusteteknikk; når og kor det passar å puste.</li> <li>• Bli meir medviten om eiga stemme og eigen songstil og utvikle den vidare.</li> </ul>
<b>Høyre</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lytte til og bli kjend med eit utvida repertoar av kveding frå Vinje og Telemark. Alle får kvar sin CD eller tilgang til ei speleliste på Spotify/Tidal til bruk heime.</li> <li>• Utvide lyttrepertoaret etter kvart til å gjelde kveding/vokal folkemusikk frå andre delar av landet.</li> </ul>

Lese	<p><b>Teori/sjangerlære. Eleven skal:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Lære segner og soger som bakgrunnsstoff for det me syng.</li> <li>• Kveding er formidling av historier, eleven skal, gjennom samtaler med lærar, både lære og forstå teksten og konteksten.</li> <li>• Kjenne til ulike sjangrar innan vokal folkemusikk. (t.d. slåttestev, nystev, gamlestev, bånsull, ballade, bygdevise, skjemtevise, religiøse folketonar)</li> <li>• Lære gamlestev.</li> <li>• Ha auka fokus på øving heime.</li> </ul>
Framføre	<p><b>Eleven skal få musikalsk oppleving saman med andre ved å:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunne presentere for kvarandre: Entre scenen, fortelje kva ein skal kveda, takke for applaus, ha fokus på kroppsspråk.</li> <li>• Setje saman konsertprogram og halde konsertar på ulike arenaer, også utanfor kulturskulen sin regi.</li> <li>• Bli oppmoda om å delta på sjokoladekappleik og andre kappleikar.</li> </ul>
Lage	<p><b>Eleven skal få meistringsoppleving og oppleve songglede gjennom:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Lytte aktivt til eigen song og medelevar i samsong.</li> <li>• Lage egne opptak.</li> </ul>

#### 4: Vidarekomande fase

*“Every single song has its own individual character and you can’t treat each song the same way, because it wants to be treated differently.” (Tom Waits)*

Nøkkelkompetanse	Innhald
Øve	<p><b>Eleven skal få kjennskap til eiga stemme ved å:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Imitere og syngje melodiar og rytmemønster på gehør.</li> <li>• Lære utanåt, utan tekst, men får teksten utdelt for å kunne øve heime.</li> <li>• Rytme: Kunne springartakt, gangartakt, halling. Kjenne til andre taktartar, t.d. pols, springleik. Lære rytme ved å imitere fraser og bruke rørsler.</li> <li>• Fri rytmikk: Syngje frase for frase i staden for å fylgje ein puls.</li> <li>• Syngje tostemt.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Noko meir rettleiing av stemmebruk og pusteteknikk, men eleven skal framleis bruke si naturlege songstemme som ligg nært opp til talemålet.</li> <li>• Kunne utvikle eigen songstil og eigne former av songar/viser, basert på det eleven har høyrte eller lært av andre.</li> </ul>
<b>Høyre</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lytte til og bli kjend med eit utvida repertoar av kveding frå Vinje og Telemark. Alle får kvar sin CD eller tilgang til ei speleliste på Spotify/Tidal til bruk heime.</li> <li>• Utvide lytterepertoaret etter kvart til å gjelde kveding/vokal folkemusikk frå andre delar av landet.</li> </ul>
<b>Lese</b>	<p><b>Teori/sjangerlære. Eleven skal:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Lære segner og soger som bakgrunnsstoff for det me syng.</li> <li>• Kveding er formidling av historier, eleven skal, gjennom samtaler med lærar, både lære og forstå teksten og konteksten.</li> <li>• Kunne synge noko frå ulike sjangrar innan vokal folkemusikk og vite forskjellen på dei. (t.d. slåttestev, nystev, gamlestev, bånsull, ballade, bygdevise, skjemtevise, religiøse folketonar)</li> <li>• Halde fokus på øving heime.</li> </ul>
<b>Framføre</b>	<p><b>Eleven skal få musikalsk oppleving saman med andre ved å:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunne presentere for kvarandre: Entre scenen, fortelje kva ein skal kveda, takke for applaus, ha fokus på kroppsspråk.</li> <li>• Setje saman konsertprogram og halde konsertar på ulike arenaer.</li> <li>• Oppmoding til å delta på kappleikar eller ta kontakt med andre kvedarar for å få inspirasjon og lære meir.</li> </ul>
<b>Lage</b>	<p><b>Eleven skal få meistringsoppleving og oppleve songglede gjennom:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Lytte aktivt til eigen song og medelevar i samsong.</li> <li>• Lage eigne opptak, bruke dei aktivt i eiga innlæring.</li> </ul>

## 4.6. Fagplan for hardingfeleundervisninga

### Overordna mål

Gjennom arbeidet med musikk skal elevane

- Oppnå gode ferdigheitar på instrumentet sitt, på alle nivå og ut frå ambisjonsnivå
- Oppleve mestringsglede og positiv sjølv utvikling
- Utvikle seg til sjølvstendige utøvarar som har glede av musikk livet igjennom
- Bli aktive lyttarar med eit nært forhold til musikk
- Utvikle evna til samspel og samarbeid
- Få mogelighet til fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i musikk
- Bli ressurspersonar som bidreg til eit levande kulturliv

### Om undervisninga

Innhaldet i undervisninga skal bidra til å utvikle handverksmessig og kunstnarisk kvalitet, sjølvstende og samspelsevne. Undervisning og rettleiing er tilpassa den enkelte eleven og går føre seg individuelt, i grupper og i ulike ensemble. Nær kontakt mellom lærar og føresette er viktig for å oppnå gode resultat. Skuleåret har 36-37 undervisningsveker.

### Fasar

Opplæringa delast inn i fire fasar.

- 1: Begynnarfase
- 2: Mellomfase
- 3: Øvre mellomfase
- 4: Vidarekome fase

Éin og same elev kan vere på ulike fasar når det gjeld musikkforståing, teknikk, notesing eller gehørutvikling. Dei individuelle føresetnadene til eleven vil vere utslagsgivande for progresjon og val av innhald. Det er derfor ingen tidsplan knytt til dei ulike fasane, men ein rettleiande progresjon tilseier frå eitt til fire år på kvar fase.

## Nøkkelkompetansar

Undervisninga i Kjerneprogrammet er samla rundt fem nøkkelkompetansar: *øve*, *framføre*, *høyre*, *lese*, *lage*. Dei representerer eit langsiktig lærings syn og er nøkkelen til å lykkast i faget, utan omsyn til kva nivå eleven er på. Dei må sjåast i samanheng.

### Øve

Å kunne øve inneber at eleven lærer å vere sin eigen lærar. Eleven må kunne planleggje og gjennomføre øving, repetere, lytte kritisk og gi seg sjølv konstruktiv tilbakemelding. Målet er å *utøve musikk* og gå inn i eit musikkuttrykk med heile seg. Mykje tid må setjast av til dette.

### Framføre

Å kunne framføre inneber å uttrykkje og vekkje kjensler på eit djupare plan, arbeide med formidling, konsentrasjon, presentasjon, stressmeistring, innspeling og konsertproduksjon. Det gjeld både solospel og framføring saman med band/ensemble, korps, orkester, kor, profesjonelle musikarar og elevar frå andre kunstformer.

### Høyre

Å kunne høyre handlar om å lytte, analysere, samhandle, samspele, imitere og improvisere med stemme, instrument og gjennom dans og rørsle. Det dreiar seg også om å transkribere musikk, lytte kritisk til eige spel og verdsetje musikk.

### Les

Å kunne lese dreiar seg om å oppfatte, tolke og forstå musikalske grunnelement som teikn, motiv, tema og formforløp på grunnlag av notasjon, for så å gjenskape dei. Gjennom gjenkjenning og bruk av elementa utviklar ein forståing for korleis strukturar pregar musikalske uttrykk. Det enkelte lærarkollegiet må diskutere spørsmålet om korleis dette skal vektast for at tradisjonsgrunnlaget i ulike musikkjangrar skal takast vare på. Prima vista-spel vil vere ein del av kompetansen.

### Lage

Å kunne lage inneber arbeid i spennet frå intuitive improvisasjonar via komponering og låtskriving til vidareformidling av musikalske idear i samspel, dessutan utvikling av kompetanse i ljoddesign, musikkteknologi og konsertproduksjon. Å meistre ulike former for notasjon og på ulike måtar ta vare på eigenkomponert musikk, står sentralt.

## 1: Begynnarfase

«Fyrst må ein ape, så kan ein skape» Knut Buen

Nøkkelkompetanse	Innhald
Lese	Kunnskap om instrument: <ul style="list-style-type: none"><li>- Behandling av instrument.</li><li>- Posisjonering av instrument/boge.</li><li>- Strengenamn.</li><li>- Namn på instrumentdeler</li></ul>
Lese	Notasjon: <ul style="list-style-type: none"><li>- Lære, og forstå enkle notasjonsark.</li></ul>
Lage	Dynamikk: <ul style="list-style-type: none"><li>- Strøk. Kraftig/svakt</li><li>- Tonar. Mørke/ljose</li></ul>
Høre	Gehør: <ul style="list-style-type: none"><li>- Repetering av enkle melodilinjer med opne strenger, evt. enkel fingersetjing.</li><li>- Bruk av song som hjelpemiddel.</li></ul>
Øve	Teknikk boge/fingre: <ul style="list-style-type: none"><li>- Klunking.</li><li>- Boge grep.</li><li>- Handstilling.</li><li>- Bogestrøk.</li></ul>
Øve	Øving: <ul style="list-style-type: none"><li>- Øveteknikk. Korleis er lurt å legge opp ei øving.</li><li>- Trene på enkle melodilinjer og små strofer, med hjelp frå foreldre.</li><li>- Utdeling av øvingsbok/øvingsark med enkel notasjon.</li></ul>
Framføre	Framføringar: <ul style="list-style-type: none"><li>- Spele samanhengande melodiar for andre. Aleine og/eller saman med lærar.</li><li>- Deltaka på konsertar i regi av kulturskulen.</li></ul>



## 2: Mellomfase

«Det va he'en te gut. Han vi te forganga meg!» Jon Kjos om læreguten Myllarguten

Nøkkelkompetanse	Innhald
Lese	Kunnskap: <ul style="list-style-type: none"><li>- Innføring i historikk omkring hardingfela og enkelte utøvarar.</li><li>- Kjenne igjen slåttar og melodiar.</li><li>- Lage ostinat og kviletoner til melodiar og slåttar.</li></ul>
Øve	Teknikk: <ul style="list-style-type: none"><li>- Samanhengande strøk.</li><li>- Fingersetjing med alle fire fingrar.</li><li>- Starte med fleirstrengsspel.</li></ul>
Lage	Dynamikk: <ul style="list-style-type: none"><li>- Spele med takt og puls.</li></ul>
Framføre	Framføringar: <ul style="list-style-type: none"><li>- Spele på små arrangement, sjokoladekappleikar, konsertar osv.</li><li>- Spele ilag med andre i små og større grupper.</li></ul>

## 3: Øvre mellomfase

«Hvor lærte du den Slaatt? Det er det samme, men mind dig den blot!» Utdrag frå «Fanitullen» av Jørgen Moe

Nøkkelkompetanse	Innhald
Lese	Kunnskap: <ul style="list-style-type: none"><li>- Lære fleire og lengre slåttar i ulike taktartar.</li><li>- Lære lengre melodiar på gehør.</li><li>- Lage eigne melodiar.</li><li>- Grunnleggjande stemming av fela.</li></ul>
Øve	Øving: <ul style="list-style-type: none"><li>- Trene på å spele lengre slåttar utannatt og fleire gonger.</li><li>- Spele inn på opptak.</li></ul>
Øve	Teknikk: <ul style="list-style-type: none"><li>- Arbeide med enkle ornament.</li></ul>

Framføre	Framføringar: - Deltaka på vanlege kappleikar. - Spele til dans, aleine eller saman med lærar. - Spele ilag med elevar på andre instrument.
----------	--

#### 4: Vidarekomande fase

«Ferdig spilemann blir ein aldri» Kjetil Løndal

Nøkkelpetanse	Innhald
Lese	Kunnskap: - Lære slåttar med aukande kompleksitet og teknisk krevjande stykke. - Lage eigne, lengre slåttar. - Lære slåttar på andre felestille. - Kjenne til regionale skilnader på felespel. - Skilnadar på taktartar mellom regionar. - Kjenne til personlege stilar hjå utøvarar. - Lære å stemme fela
Øve	Teknikk: - Arbeide med å utvikle teknikkar til eit høgare nivå. - Dobbeltgrep - Trillar
Øve	Øving: - Lære lengre slåttar på gehør gjennom opptak.
Framføre	Framføringar: - Eigne konsertar. - Finne eit personleg preg på slåttar.

#### Om hardingfela

Hardingfela er eit strykeinstrument som er utvikla i Noreg, og har fleire hundre års lange tradisjonar i landet. Spelestilen og lyden skil seg betrakteleg frå vanleg fiolin. Instrument har vore bruka i konsertar og dansesamanhengar tilpassa regionale stilar innanfor folkemusikk og bygdemusikk, og er i levande bruk over heile Sør-Noreg. Det tevlast i hardingfele, og anna folkemusikk, på kappleikar rundt om i landet.

I Vinje er tradisjonen særst sterk, og det har vore mange kjende tradisjonsberarar ifrå kommunen, mellom andre Myllarguten. Mykje av tonestoffet har opphav og namn frå området.

I seinare tid har også hardingfela og tradisjonsmusikken blitt teke inn i andre musikalske uttrykk og sjangrar. Og potensialet til instrumentet er enno ikkje ferdig utforska!

## 4.7. Fagplan for trommeundervisninga

### Overordna mål

Gjennom arbeidet med musikk skal elevane

- Oppnå gode ferdigheitar på instrumentet sitt, på alle nivå og ut frå ambisjonsnivå
- Oppleve mestringsglede og positiv sjølv utvikling
- Utvikle seg til sjølvstendige utøvarar som har glede av musikk livet igjennom
- Bli aktive lyttarar med eit nært forhold til musikk
- Utvikle evna til samspel og samarbeid
- Få mogeligheit til fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i musikk
- Bli ressurspersonar som bidreg til eit levande kulturliv

### Om undervisninga

Innhaldet i undervisninga skal bidra til å utvikle handverksmessig og kunstnarisk kvalitet, sjølvstende og samspelsevne. Undervisning og rettleiing er tilpassa den enkelte eleven og går føre seg individuelt, i grupper og i ulike ensemble. Nær kontakt mellom lærar og føresette er viktig for å oppnå gode resultat.

Skuleåret har 36-37 undervisningsveker.

### Fasar

Opplæringa delast inn i fire fasar.

- 1: Begynnarsfase
- 2: Mellomfase
- 3: Øvre mellomfase
- 4: Vidarekome fase

Éin og same elev kan vere på ulike fasar når det gjeld musikkforståing, teknikk, noteslesing eller gehørutvikling. Dei individuelle føresetnadene til eleven vil vere utslagsgivande for progresjon og val av innhald. Det er derfor ingen tidsplan knytt til dei ulike fasane, men ein rettleiande progresjon tilseier frå eitt til fire år på kvar fase.

## Nøkkelpetansar

Undervisninga i Kjerneprogrammet er samla rundt fem nøkkelpetansar: *øve*, *framføre*, *høyre*, *lese*, *lage*. Dei representerer eit langsiktig læringsssyn og er nøkkelen til å lykkast i faget, utan omsyn til kva nivå eleven er på. Dei må sjåast i samanheng.

### Øve

Å kunne øve inneber at eleven lærer å vere sin eigen lærar. Eleven må kunne planleggje og gjennomføre øving, repetere, lytte kritisk og gi seg sjølv konstruktiv tilbakemelding. Målet er å *utøve musikk* og gå inn i eit musikkuttrykk med heile seg. Mykje tid må setjast av til dette.

### Framføre

Å kunne framføre inneber å uttrykkje og vekkje kjensler på eit djupare plan, arbeide med formidling, konsentrasjon, presentasjon, stressmeistring, innspeling og konsertproduksjon. Det gjeld både solospel og framføring saman med band/ensemble, korps, orkester, kor, profesjonelle musikarar og elevar frå andre kunstformer.

### Høyre

Å kunne høyre handlar om å lytte, analysere, samhandle, samspele, imitere og improvisere med stemme, instrument og gjennom dans og rørsle. Det dreiar seg også om å transkribere musikk, lytte kritisk til eige spel og verdsetje musikk.

### Lese

Å kunne lese dreiar seg om å oppfatte, tolke og forstå musikalske grunnelement som teikn, motiv, tema og formforløp på grunnlag av notasjon, for så å gjenscape dei. Gjennom gjenkjenning og bruk av elementa utviklar ein forståing for korleis strukturar pregar musikalske uttrykk. Det enkelte lærarkollegiet må diskutere spørsmålet om korleis dette skal vektast for at tradisjonsgrunnlaget i ulike musikkjangrar skal takast vare på. Prima vista-spel vil vere ein del av kompetansen.

### Lage

Å kunne lage inneber arbeid i spennet frå intuitive improvisasjonar via komponering og låtskriving til vidareformidling av musikalske idear i samspel, dessutan utvikling av kompetanse i ljoddesign, musikkteknologi og konsertproduksjon. Å meistre ulike former for notasjon og på ulike måtar ta vare på eigenkomponert musikk, står sentralt.

## 1: Begynnarfase

“The first rule of drumming is that if you make a mistake, turn round and look angrily at the bass player” - Nick Mason (Pink Floyd)

Nøkkelpetanse	Innhald
<b>Øve</b>	<p>Øve på å herme ved å høyre, etterlikne med song og klapping, og spille sammen med læraren.</p> <p>Øve på å lytte aktivt til musikk, mellom anna ved å finne pulsrhythmen i musikken.</p> <p>Læra det grunnleggande om oppsett, stikketeknikk, fotteknikk, og ergonomi/fysiologi; kva trommesettet består av, korleis ein held stikkene, bruker pedalane, og korleis ein bør sitte når ein spelar trommar.</p> <p>Trene opp koordinasjon ein treng mellom armar og bein for å spele dei grunnleggande rytmane. Isolere dei største koordinasjonsutfordringane og bruke nokon eigne øvingar for å løyse dei.</p> <p>Lære grunnleggande trommesettrytmar og fills basert på fjerde-, åtte- og sekstendelar, pluss enkle triolrytmar i 12/8-takt.</p> <p>Lage ein plan for heimeøving saman med foreldre, jobbe mot 10-15 minuttar <i>øving</i> jevnleg.</p>
<b>Lage</b>	<p>Lage rytmar, fills, ostinat og soloar ved å leike og improvisere aleine eller ved å akkompagnere noko læraren spelar.</p> <p>Utforske og bruke lydane som finnes i heile trommesettet og få prøve nokon perkusjonsinstrumenter.</p>
<b>Høyre</b>	<p>Få eit nærare og meir bevisst forhold til musikk, puls og takt ved å høyre på forskjellige sjangrar i lag med læraren. Ein kan ta med sin eiga musikk, eller høyre på den læraren viser fram. Eleven og læraren høyrar på musikken i lag mens dei klapper, bevegar seg, syngjer og tellar. Etter å ha høyrte på musikken beskrivar og diskuterar dei musikken saman.</p>

	<p>Bli godt kjent med dei ulike ljodane frå trommesettet, så ein kan forstå og herme ein stor del av det nokon andre speler ved kun å høyre.</p> <p>Forstå den musikalske pulsens rolle i utøvinga ved å spele trommar saman med at læraren speler bass, gitar eller tangentar, eller at eleven speler til trommeløyse backingtracks.</p> <p>Lære å telle taktar og periodar ved å spille saman, og telle taktar høgt, saman med læraren mens ein bytter på å spele annakvar periode.</p> <p>Halde pulsen i musikken utan læraren, og relatere den til noteverdiar som fjerdedelar, åttendelar og sekstendelar.</p>
<b>Lese</b>	<p>Lære å forstå et enkelt einstemmig notebilde ved å forstå dei grunnleggande typane taktarter og rytmar: Noteverdiar som fjerdedelar, åttendelar, åttendelstriolar, sekstendelar og deres respektive pausar. Taktartar som 4/4-takt og 12/8-takt.</p> <p>Sjå enkle samanhengar mellom det ein kan lese (taktart, noteverdiar osv.), den pulsen ein høyrar, og det ein faktisk spelar.</p>
<b>Framføre</b>	<p>Få prøve det man har lært av basisrytmar og improvisasjon foran lærar, andre elever og foreldre.</p> <p>Spille små stykkar på konsertar (solo eller i samspel)</p>

## 2: Mellomfase

«Music and rhythm find their way into the secret places of the soul” – Platon

Nøkkelkompetanse	Innhald
Øve	<p>Herme etter læraren eller musikk, lære korte frasar eller melodiar kun på øyret. Lytte til seg sjølv og korrigere mens ein spelar. Ta ut vanskelege bitar av ein rytme e.l. og bruke forskjellige øvingsmetodar for å lære dei inn.</p> <p>Lære prinsippa ved taktarter som 4/4 og 3/4, korleis ein teller dei, og å relatere tellinga til periodefølelse.</p> <p>Lære tekniske konsept som rebound (sprett), grep og fulcrum (vippepunkt). Lære kvifor dei er nyttige å vera bevisst på, og korleis dei påverkar kvarandre.</p> <p>Trene slagteknikk gjennom isolera øving på enkle slagkombinasjonar i ulike noteverdiar, som enkeltslag, dobbeltslag og paradiddlar, og slagtypar som sprettslag, presslag, aksentar, sleipslag, dobbeltslag og ruffer.</p> <p>Jobbe med bevisst handsetting utifrå eins dominante hand ved å spele kombinasjonar av partall og oddetail**</p> <p>Lære rytmar frå ulike stilarter, nokon enkle "trommeslatter", og enkle fills. *</p> <p>Lære å sjå sammenhengen mellom forskjellige slagtyper og dynamikk. Bruke nokon enkle øvelsar for å auke sitt dynamiske vokabular. Dette settes i sammenheng med de ulike krav til dynamikk innen forskjellige sjangrer. Lære å sjå samanhengen mellom slagtyper og dynamikk, Aksenter</p> <p>Øve gradvis opp to-, tre-, og grunnleggande fireveis-koordinasjon gjennom nokon generelle notebaserte koordinasjonsøvelsar av aukande vanskegrad. I tillegg sjekkar ein ut nokon polyrytmiske øvelsar som 3 mot 2 og 3 mot 4. Læraren relaterer øvelsane til kvarandre, og til faktisk musikk i ulike sjangrar.</p> <p>Lære meir om instrumentkunnskap, lære å stemme trommane.</p>

	<p>Fokusere på å øve litt meir, gjerne opp mot 20 minutt kvar dag.</p>
<b>Lage</b>	<p>Leik med, og utforske, trommane ved å lage rytmar og fills, eller soloar basert på andre tema sjølv eller saman med læraren.</p> <p>Lage fills eller improvisere på ein litt mer systematisk måte, ved å bruke regler/dogmer, eller ta utgangspunkt i rytmiske motiv.</p> <p>Leire meir om kor mykje dynamikk og artikulasjon har å seie for uttrykket i det ein spelar.</p> <p>Forsøke å spele med eller på andre ting. Til dømes andre typer stikker, visper, køller og rods, eller perkusjon som bongos, congas, shakers og tamburin.</p> <p>Gjøre enkle opptak for å lytte på, og reflektere over, det ein nettopp har spelt.</p>
<b>Høyre</b>	<p>Lære meir om periodar i musikk og trene opp periodefølelsen ved å lære om 4-, 8- og 16-taktsperiodar. Øve på å telle takter aktivt mens ein spelar i ulike taktartar, for å etter kvart klare å internalisere periodane så mykje at ein følar dei instinktivt.</p> <p>Introdusere noen nye stilarter som rumba, swing, country, vert meir bevisst korleis ulike formar for musikk utøvast ulikt.</p> <p>Bli beitre på å underdele taktslaga på forskjellige måtar, ved å spele triolbasera rytmar og åttens-/sekstendelsbasera rytmar om kvarandre.</p> <p>Lære meir om trommesettets rolle i en samspillsituasjon er ved å spele saman med læraren og andre elevar, og lære korleis ein må tilpasse spelet sitt til andre. Forstå korleis trommene relaterar seg til dei andre instrumenta i et band, særleg bassgitaren.</p> <p>Lære om musikalsk form og hvordan vi deler opp form i vers, refreng, bridge, intro, solo, prechorus m.m. Lære hvordan</p>



	<p>man kjenner igjen disse delene. Høre hvordan forskjellige låter er bygd opp ulikt og hvilke musikalske funksjoner de forskjellige delene i en låt har. Lære korleis rytmar og fills fungerer musikalsk på forskjellige stadar i låtforma.</p> <p>Sjå nokon samanhenger mellom korleis notane er skreve og korleis musikken kling. Høyre at læraren spiller musikk på skarptromme eller trommesett, eller visar lydopptak, samstundes som ein sjer på notar av den sama musikken.</p>
<b>Lese</b>	<p>Lære om særegenhetane som skiller trommenoter fra vanlig notasjon, som for eksempel de ulike notehodene, hvordan virvler noteres, og så vidare</p> <p>Lese trioler, helnoter, halvnoter og punkteringer og dei tilsvarende pauseteikna. Forstå figurar som kombinerer de ulike noteverdiene eleven har lært.</p> <p>Sette dei fleste noteverdiene og figurane i sammenheng med et lydbilde. Klare å lese enkle trommesetrytmer og fills i ulike taktarter, og enkle skarptrommestykker.</p> <p>Lese og skrive låtformer, fra enkle oversikter til litt vanskeligere notebilder.</p> <p>Lære enkle teikn for tempo og dynamikk, som piano, forte, crescendo, diminuendo, accellerando og ritardando</p>
<b>Framføre</b>	<p>Ha konsertar for andre elevar og/eller foreldre kor ein spelar det ein har læra av låtar, rytmar og improvisasjonar saman med band.</p> <p>Framføre enkle samspelslåtar i duettar eller større gruppar med lærar og andre elevar.</p>

### 3: Øvre mellomfase

«Groove doesn't mean shit if you can't blast beat and spin sticks" - Steve Gadd

Nøkkelkompetanse	Innhald
Øve	<p>Læraren oppfordrar elevane til å komme med ønskar og innspel om kva dei vil fokusera på. For dei elevane som ønsker å kome inn på musikklinjar i videregående skule jobbar me også målretta med å øve på biinstrument, gehør og musikkteori.</p> <p>Ein øvar på å øve. Strukturere øvinga på kort og lang sikt ved å planlegge, sette mål og evaluere. Trenar på å observera kva ein sjøl klarar og ikkje klarar når ein øvar. Læraren viser korleis ein kan lage øvelsar, eller tilpasse øvelsane ein allereie brukar, for å få meist mogleg igjen for øvingstia si.</p> <p>Ein øvar på å telle og spele samtidig, i tillegg til å spele med metronom og/eller ta opp seg sjølv for å utvikle periodefølelsen sin og få bedre time.</p> <p>Trene opp ein slagteknikk som gjer det uanstrengt å spele ulike tempi på alle dynamiske nivåar. Lære å skjønne korleis delar av arma ein brukar til forskjellige slagtypar (fingrar, handledd, underarm og overarm). Ein brukar øvelsar for å lære å spele så kjapt og dynamisk som ulike sjangrar krevar.</p> <p>Øve på diverse sjangrars vanlege trommesett-tekniske utfordringar; lange strekk med hurtig spel, fireveis koordinasjon med hihatpedal eller doble stortrommer, ghostnotes eller improviasjon over ostinat.</p> <p>Øve på avansera rytmar, rudiments, figurar, og skeive taktartar. Dobbeltslag, ruffar, underdeling i virvel, paradiddelvariantar og meir avansera polyrytmer som 4 mot 5.</p> <p>Læraren introduserar også forskjellige grep og foteknikkar (måtar å halde stikkane, eller bruke pedalane på), og forklarar fordelar og ulempar med dei ulike teknikkane.</p>

<p><b>Lage</b></p>	<p>Bruke det ein har læra for å laga rytmar eller fills til soloar eller låtar, enten aleine eller som ein del av kreativ prosess saman med bandet sitt.</p> <p>Jobbe med improvisering ut i frå meir krevande dogmar og reglar. Meir tradisjonelle trommesoloar kor ein forhold seg til riff, støt eller vamp frå bandet, men også friare ikke-rytmiske og/eller klangbasera improvisasjonar.</p>
<p><b>Høyre</b></p>	<p>Lytte og forstå fleire stilartar Slagkombinasjonars sammenheng med sjangre, klassisk eller rytmisk, noter</p> <p>Spotify, iTunes, Youtube og læringsbaserte programmer brukes også aktivt i undervisningen.</p> <p>Rytme-gehør (gjenkjenne ulike taktarter og fraser), Trener på rytme-gehør ved å høyre på musikk for å finne taktarten og kjenne igjen rytmen, eller ha rytmediktat og transkribera frasar og rytmar.</p> <p>Aktiv lytting til seg selv</p> <p>Lære meir om dei mest sentrale sjangra innen rytmisk musikk (jazz, rock, pop, latin, hiphop osv) ved å lytte aktivt på dei. Starte å læra kva som kjenneteiknar trommesettet i dei ulike sjangra gjennom konseptar som time-feeling, pocket/groove, musikalsk rolle, dynamikk og rytmikk. Læra litt generelt om kva rollar dei andre instrumentane i bandet har hatt i dei ulike sjangrane.</p> <p>Karakter i musikken* AABA-former og lignende fra jazzsjangeren)*</p>
<p><b>Lese</b></p>	<p>Meir avanserte trommeslåttar</p> <p>Øve på bladspeling ved å spele stykkar som er ukjente for eleven.</p> <p>Innføring i rudiments</p> <p>Det kan her være aktuelt å begynne å se på stykker fra den amerikanske rudimenttradisjonen og den europeiske klassiske tradisjonen. Dette kan ses i sammenheng med notelære.</p> <p>Ein lærar om trommenotasjon, perkusjonsnotasjon og melodisk notasjon for andre instrumenter, og kva som skillar</p>

	<p>desse. Om eleven ønsker det kan ein jobbe litt med perkusjonsnotasjon, eller enkel melodisk notasjon, G- og F-nøkkel, skalaer og treklanger i dur og moll</p> <p>Lære litt rytmisk musikkhistorie, og om trommesettets historie. Eleven lærer meir om kva komponentar eit trommesett har, korleis trommar og cymbalar er bygd opp og korleis det påvirkar ljoden.</p>
<p><b>Framføre</b></p>	<p>Vedlikehold, sjangerbevisst/soundbevisst stemming, valg av trommer og cymbaler mtp sjanger/sound/setting (live/studio, inne/ute++). Lære grunnleggende om oppmikking av, og lydproduksjon på, trommer gjennom teori i timene og deltagelse på konserter.</p> <p>Mogelighet til å spele små slagverksstykkar på konsertar solo, i duettar eller større grupper.</p> <p>Lære korleis ein ofte stemmar trommane ulikt i forskjellige sjangrar, og korleis ein tar vare på eit trommesett. For å læra dette jobbar ein praktisk med kulturskolens trommar, men eleven kan også ta med sine egne trommar.</p> <p>Lære meir om konsertproduksjonar ved å deltaka aktivt i prosessen. Ta egne initiativ til samspelsgrupper og konsertar.</p> <p>Ein diskuterar og prøvar ut nokon aspekt av livet som musiker; turnering, studioarbeid, ulike musikerjobbar og spelejobbar, konsertbooking og arrangering, teknikk og logistikk.</p>

#### 4: Vidarekomande fase

*“Playing fast around the drums is one thing. But to play music, to play with people for others to listen to, that`s something else. That`s a whole other world” – Tony Williams*

<b>Nøkkelkompetanse</b>	<b>Innhald</b>
<b>Øve</b>	<p>Elevane styrer i større grad kva dei vil lære om.</p> <p>Ein øvar på å spille frampå/bakpå, manipulera korleis timen føles.</p> <p>Dei som ønsker det kan lera tradisjonelt grep.</p> <p>Øve på større/tekniske verk</p> <p>Meir om periodeforståing</p> <p>Avanserte figurer, rytmer underdelingar som duoler, kvintoler og septoler, og fordjupar seg meir i skeive taktartar som 5/4, 7/4 og så vidare.</p> <p>Mer avanserte polyrytmer</p> <p>Kombinere teori og aktuell praksis.</p> <p>Ein jobber meir med biinstrument</p>
<b>Lage</b>	<p>Lage meir avansera trommeslåttar</p> <p>Skrive ned egne verk på noter</p> <p>Eleven og læraren improviserar sammen i ulike stilarter</p>
<b>Høyre</b>	<p>Lytte og forstå fleire stilartar</p> <p>Ein høyrar meir på tradisjonell musikk, og fokuserar særleg på den mikrorytmisk variasjonen som gjer nokon tradisjonelle sjangrar unike.</p> <p>Transkribere rytmar, låtar og melodiar. Melodigehör</p> <p>Studera viktige trommeslagara i dei ulike sjangrane bevisst på dynamikkens funksjon innen de forskjellige sjangre</p>

<b>Lese</b>	Prima vista-spel, rytmisk og melodisk Musikkhistorie
<b>Framføre</b>	Deltake aktiv i konsertproduksjonar Ta egne initiativ til samspelsgrupper og konsertar

### Fordjupningsprogrammet

<b>Nøkkelkompetanse</b>	<b>Innhald</b>
<b>Øve</b>	Avansert teknikktraining og egentrening med eit tydeleg fokus på å arbeide mot langsiktige mål ein sjøl planleggjar.  Ha planer klare for vegen vidare.l  Øve melodiske stykke.  Lære solostykker for trommesett, skarptromme (e.l.) eller melodisk
<b>Lage</b>	Vidaregåande noteskriving. Komponere rytmisk og melodisk.  Lage langsiktige planar, utarbeide øvingsrutiner-/måtar.
<b>Lytte</b>	Utvikle melodisk, såvel som rytmisk gehør.  Fordjupa seg i ein og ein utøvere, låtar, solostykkekar, stilartar++
<b>Lese</b>	Melodiske læreverk.  Lære alle skalaer og treklanger i dur og moll (kvintsirkelen), kirketonearter
<b>Framføre</b>	Framføre egenkomponerte verk. Rytmisk og melodisk.  Utarbeide rikhuldig repertoar. Tilegne seg erfaring med konsert-trening og konsertproduksjonar.

## **Om trommer og trommesettet**

*Det er paradoksalt at man både kaller trommer "det eldste instrumentet", og at trommesettet slik vi kjenner det i dag er et veldig moderne instrument sammenliknet med de fleste andre instrument kulturskolen tilbyr! I Amerika mellom 1800- og 1900-tallet forventet militærkorps og orkester at perkusjonistene stadig skulle traktere flere og flere instrumenter samtidig, som for eksempel militærtrommer, kinesiske tomtomer og tyrkiske cymbaler. Samtidig med at stilartene ragtime og swing utviklet seg, ble økonomien i kulturlivet dårligere og dårligere, og mange bandleider ville betale så få trommeslagere som mulig. Trommeslagere ble mer oppfinnsomme for å beholde jobbene, så de laget stativ og pedaler som gjorde at de kunne betjene flere instrumenter samstundes. Ett av de eldre navnene på trommesett, "trap set", er avledet fra contraction, altså dings eller apparat! Det ble mer og mer populært å kombinere orkestertrommene, cymbalar og tradisjonelt slagverk fra ulike kulturer i einmannsoppsett, og det la instrumentmakerne og entreprenører merke til. Med et historisk blikk kan man kanskje se at det moderne trommesettet ble født rundt 1910, da den første masseproduserte basstrommepedalen ble patentert. Trommesettet og spileteknikken utviklet seg i takt med stilarter som jazz, storbandswing og etter kvart bebop og rock. De siste tiårene har mellom annen teknologi i de store og populære musikkjangrene, særlig elektronisk programmering av trommerytmer, fått trommeslagere til å frykte for jobbene sine. Mange utøvere har likevel blitt inspirert av disse trommenes nye lyder og uttrykk til å skape sine egne uttrykk. Nettopp denne blandingen av elektroniske og akustiske lyder, og korleis utøvere og produsenter igjen kombinerer, blir inspirert av, og fortolker slike uttrykk etter tur er en av de mest kreative og spennende kunstneriske trendene for trommeslagere nå, og det er en veldig spennende periode å lære håndverket i!*

## **4.8. Fagplan for teaterundervisninga**

### **4.8.1 Teater i kulturskolen**

Teater i kulturskolen omfattar dramapedagogiske prosessar, arbeid med roller, situasjonar og teaterproduksjon. Gjennom teaterfaglege arbeids- og uttrykksformer skal elevane utvikle kompetanse i å utøve, formidle, skape, oppleve og reflektere.

Barn og unge lever tett på samtidskulturen og i eit samfunn som stadig blir meir globalisert. I framtida skal dei skape teater, vere utøvarar og publikum. Teateropplæringa ved kulturskolen må bidra til å utvikle ferdigheiter som gjer det mogeleg for elevane å møte utfordringar som ligg i dette: bli medvitne om verdiar og ansvar, kunne ta sjølvstendige val, vere konstruktive og kreative.

Teaterscena skaper gode vilkår for at ungdomane kan utfalde seg. Gjennom teater som kollektiv kunst lærer elevane å reflektere over merksemd som er retta mot individet, forventningspress og forbilde. Samhandling er grunnleggjande i alle delar av teaterprosessane.

Å spele teater handlar også om å konstruere seg som individ og utvikle personleg uttrykk som aktør gjennom å formidle ei rolle, ein situasjon, ei forteljing. Elevane får ta stilling til etiske spørsmål og utviklar kritisk refleksjon. Både inntrykk, uttrykk og forståing vil utviklast og bli rikare i teaterfellesskapet.

For den enkelte eleven kan teater vere eit ledd i ein verdfull danningssprosess. Ein intensjon med faget er å gjere elevane til aktive og medverkande deltakarar i undervisninga og produksjonsarbeidet.

Breiddeprogram, Kjerneprogram og Fordjupingsprogram vil til saman sørge for at elevane får erfaring med stadig nye sider ved teaterfaget. Det gjeld dramapedagogiske metodar, sjangerkunnskap, regi, tekstanalyse, scenografiske og tekniske verkemiddel. 82

### **Teater og læring**

Leik er ei viktig læringsform i teater. Både skodespelaren og barnet leikar med tid, rom, roller og objekt. Leik er å samhandle og forstå gjennom utfolding av kroppen, stemma, sansane, kjenslene og fantasien. Leik er «å late som om» ein er ein annan, på ein annan stad, i ei anna tid, i ein annan samanheng.

### **Teater som scenekunst**

Teater i kulturskolen er forankra i teater som scenekunst. Kunstarten har ei rik historie som spegel, kommentator og kritikar av makt, levekår, styresett, natur, religion og kultur gjennom ulike tidsepokar. Gjennom tallause kombinasjonar av kropp, stemme, rørsle, rom og tekst har menneske omskapt dette til symbolske, performative uttrykk. I dag er forståinga av kultur og samfunn påverka av inntrykk frå heile verda. Uttrykk og formidlingsformer er prega av stort mangfald.

Scena kan vere i kulturskolen, grunnskolen, barnehagen, teateret, kulturhuset, museet, eller på eldresenteret. Men ho kan også vere i eit lokalhistorisk friluftsteater, på ei strand eller i eit kjøpesenter.



#### **4.8.2. Overordna mål**

Gjennom arbeidet med teater skal elevane

- utvikle uttrykksevne, formsans og ferdigheiter i å agere
- kunne ta i bruk teater som kommunikasjonsmiddel
- oppleve meistringsglede og positiv eigenutvikling
- utvikle evne til kritisk tenking, empati og lagspel
- utvikle evne til å utforske fortid, nåtid og framtid
- få moglegheiter til fordjuping som kan danne grunnlag for høgare utdanning i teater
- bli ressurspersonar som bidrar til eit levande kulturliv

#### **4.8.3. Læringsmål og utviklingsfasar**

Nedanfor blir dei tre programma med læringsmål, utviklingsfasar og forventningar til læraren omtala. Dette utviklingsarbeidet bør gjerast kommunalt eller interkommunalt ut frå storleiken på skolen, rammefaktorar og organisering.

##### **Breiddeprogrammet**

###### Forventningar til læraren

- skaper eit læringsmiljø som er prega av trivsel, tryggleik og samhandling
- legg vekt på basisferdigheiter
- legg vekt på prosess og meistring
- stimulerer konsentrasjon, sansar og fantasi hos eleven
- skaper gode formidlingsopplevingar
- er open for breie nettverksam arbeid

###### Læringsmål

Eleven

- kan utøve dramaleik og improvisasjon i samspel med andre
- samarbeider og tar aktivt del i eit sosialt fellesskap
- kan presentere enkle roller og sceniske situasjonar i små spel
- har deltatt i enkle visningar på ein relevant arena

##### **Kjerneprogrammet**

Kjerneprogrammet er hovudinnretninga i teatertilbodet. Elevane kjem djupt ned i dei teaterfaglege handlingane *utøve, formidle, skape, oppleve og reflektere*. Handverk, kunstnarisk utvikling og samarbeidsevne står sentralt.

Kjernerprogrammet og Fordjupingsprogrammet kan inkludere spesialiseringskurs som revy, kostyme- eller maskekurs, kurs i scenografi eller lys/lyd m.m.

Opplæringa er delt inn i tre fasar.

## **Fase 1**

### Forventningar til læraren

- legg vekt på samspelet mellom å øve, skape, formidle og reflektere
- skaper eit læringsmiljø som er prega av trivsel, tryggleik, samarbeid og samhandling
- legg vekt på prosess og meistring
- skaper gode formidlingsopplevingar
- legg vekt på ensembleutvikling og ensemblekjensle
- legg til rette for teaterframføringar på ulike arenaer

### Læringsmål

Eleven

- meistrar basisferdigheiter i spel, med kropp og stemme
- kan bruke kropp og stemme som verktøy for å uttrykkje eit spekter av fenomen
- kan skape spel gjennom arbeid med enkle, improviserte forløp
- kan skape spel gjennom arbeid med enkle tekstar
- kjenner nokre samlande oppvarmingsøvingar og leikar
- har trena evne til å vere merksam og til å iaktta, til fantasi og førestellingsevne
- er medviten om kvalitet på rørsler (rask/sakte, stor/liten, tett/spreidd, stor/liten muskelmotstand)
- kjenner grunnleggjande prinsipp for samspel (akseptere og lytte)
- har gjennom dramaleik fått erfare gruppa som eit skapande ensemble
- har vist enkle dramauttrykk på ein relevant visningsarena
- kan gi og ta mot tilbakemelding i praktisk arbeid
- kjenner sentrale dramafaglege omgrep

## **Fase 2**

### Forventningar til læraren

- legg vekt på speleteknikkar og improvisasjonsmetodar i skodespel
- byggjer opp eit læringsmiljø som er prega av at eleven opplever meistring og positiv eigenutvikling
- styrker relasjonar og identitet i ensemblet

## Læringsmål

### Eleven

- har vidareutvikla ferdigheiter i spel med kropp og stemme
- kan improvisere fram roller, situasjonar, handlingsforløp og stemningar med utgangspunkt i tekst/ forteljing, gjenstand, bilde, tema, musikk/lyd, stad, eiga oppleving
- meistrarar dei ulike fasane av teaterarbeidet: oppvarming, konsentrasjon, teknikk, avrunding med presentasjon og vurdering
- har vidareutvikla evna til å vere merksam og til å iaktta i samspel
- praktiserer grunnleggjande prinsipp for samspel og samhandling i teaterarbeid
- har trening i å dele erfaringar med medelevar, gi og ta mot konstruktiv tilbakemelding
- har utvikla disiplin og god øvingskultur
- kan formidle roller og sceniske situasjonar i små og store produksjonar
- har deltatt i heilskaplege produksjonar frå idé/konseptualisering til ferdigstilling og vurdering
- har sett teaterførestellingar saman med andre elevar og kan samtale om desse
- forstår grunnleggjande omgrep i praktisk teaterarbeid og produksjon

### **Fase 3**

#### Forventningar til læraren

- lar elevane møte eit breitt og allsidig repertoar av sjangrar, former og spelestilar
- legg til rette for elevmedverknad i produksjonsarbeidet
- legg vekt på samhandling og fellesskap
- legg vekt på elevens eigenvurdering og refleksjon, bruker formativ vurdering aktivt

## Læringsmål

### Eleven

- har teaterspesifikke ferdigheiter og forståing på vidarekome nivå
- har erfaring med ulike sjangrar, formuttrykk og spelestilar
- har sett teaterførestellingar saman med elevar
- har eit godt omgrepsapparat for å analyse, tolke og samtale om innhaldet i teater
- har relevante teoretiske kunnskapar
- har kjennskap til den rolla teateret har i samfunnet
- har samarbeidd om eit heilskapleg produksjonsapparat med kostyme, maske, scenografi, musikk, lyd og lys
- kan gi og ta mot konstruktiv og grunnleggjande kritikk

- har utvikla gode strategiar i å leie og førebu seg
- har deltatt på arenaer for kunstnarisk samarbeid der fleire av kunstuttrykka i kulturskolen er integrerte

### **Fordjupingsprogrammet**

Undervisningstilbodet byggjer på fasane i Kjerneprogrammet, men er vesentleg styrkt med omsyn til innhald og omfang. Undervisninga legg vekt på fordjuping i skodespelarteknikkar. Ein større teaterproduksjon står sentralt, der samarbeid i ensemblet blir tillagt stor vekt.

#### Forventningar til læraren

- legg til rette for og rettleier læring og utvikling på høgt kunstnarisk nivå både individuelt og i ensemblet
- fremmer medvit hos eleven om ambisjonar
- legg vekt på samspel mellom eleven, gruppa, materialet og lærar/regissør
- stimulerer til sjølvstende og disiplin
- tar i bruk ulike vurderingsformer i opplæringa

#### Læringsmål

##### Eleven

- har utvikla ferdigheiter på høgt kunstnarisk nivå og med personleg uttrykk
- kan skape roller, situasjonar og stemningar gjennom arbeid med tekstbaserte og fysiske skodespelarteknikkar
- utøver kropps- og stemmeuttrykk med innleving og integritet
- har erfaring med karakterarbeid/karakterutvikling
- har arbeidd med fordjuping innanfor ein sjanger/spelestil/arbeidsform
- er medviten om bruk av rom, tekst og musikk/lyd i utvikling av sceniske uttrykk
- bruker eit relevant teaterfagleg språk
- har kunnskap om teater som eit kunstnarisk, sosialt, historisk og kulturelt uttrykk
- er sjølvstendig og viser innsikt i eiga kunstnariske utvikling
- har vore medskapande i ein heilskapleg produksjon som inneheld mange element
- tar aktivt del i dialogar, tilbakemelding til og vurdering av prosessar og produkt
- har formidla scenekunst i ulike format og på ulike scener
- er eit godt forbilde for medelevar
- er førebudd til opptaksprøver og vidare teaterstudium

#### 4.8.4. Innhald

Innhaldet handlar om undervisningas kva, om ulike teatertradisjonar, sceniske sjangrar og uttrykk som performance, improvisasjon, forteljing, klassiske skodespel, mime, musikal. Innhaldet kan også vere ulike innhaldskomponentar som kostyme, sminke, rekvisitt, maske, scenografi og lys/musikk.

Innhaldet i faget bør knytast til tematikk som dei unge er opptatt av. Elevane kan utforske eigne erfaringar og dermed bringe inn ny kunnskap og styrke tilknytninga si til omverda. Innhaldet kan også hentast frå aktuelt nyheitsstoff, frå klassikarane innanfor teater, eller frå ulike tekstar.

Elevane bør arbeide med eit breitt utval av sjangrar, former og skapande teaterarbeid. Å formidle teater er både eit mål og eit innhald i alle program. Det omfattar erfaring med fasar og framdrift i prøveprosessen, mot i scenisk kommunikasjon, speleglede og evne til å vekkje kjensler. Det omfattar også å tilpasse innhald, form og format til publikumsgruppe og visningsarena.

**Improvisasjon** er både eit innhald og ei grunnleggjande arbeidsform i teaterfaget. Ulike måtar å bruke improvisasjon på kan vere hovudemne i ein kort periode eller ei sentral arbeidsform i teaterproduksjon.

Elevane skaper teater gjennom improvisasjon med utgangspunkt i

- tekst/tekstbaserte metodar. Volum, språk og tematikk blir lagt til rette for ulike aldrar
- kropp/fysiske metodar. Tilpassa opplæring, individuelt og i fellesskap
- tema/dokument/materiale. Gruppeprosessar og prosjektbasert teater

**Dramaøvingar og leikar.** Ein viktig del av innhaldet i teateropplæringa er dramaøvingar og leikar som trenar konsentrasjon og fantasi og rettar merksemda mot sansane, kroppen, rommet og gruppa. Grunnlaget for dramaleiken er anten roller/situasjonar eller ulike typar impuls materiale som objekt, kostyme, musikk og bilde. Elevane improviserer med kropp og stemme i ei leikande form.

**Skodespelarteknikkar** er eit sentralt innhald i utøvinga av faget. Elevane bør trenast i eit breitt utval av roller, situasjonar og forløp. Uttrykk som ligg i stemme, bruk av stemme, stemmeoppvarming og artikulasjon er andre sentrale emne.

Mime som uttryksform demonstrerer kor viktig kroppsspråket er i all kommunikasjon. Improvisasjon og analyse av tekstar styrker utøvinga av rolle, situasjon og forløp. Rommet er eit viktig element i innhaldet i faget gjennom rørsle og bruk av sceneelement, som må knytast til utøvinga.

**Teaterproduksjon.** Fagområda kulisser, kostyme, maske, rekvisitt og sminke har ein sentral plass i teaterproduksjon. På Kjerneprogram og Fordjupingsprogram kan det bli gitt supplerande kurs i dette. Elevar på vidarekome nivå bør få stort ansvar for desse fagområda.

**Innhaldselement.** Musikk, song og dans er sentrale innhaldselement i revy, kabaret og musikal. Scenetekniske disiplinar som lys-, lyd- og sceneteknikk rammar inn rollene og handlingane og skaper atmosfære i spelet.

**Historie og kulturarv i lokalmiljøet** bør brukast som kjelde til prosjekt og multimodale produksjonar/tidsreiser der elevar frå teater, musikk, skapande skiving, dans og visuell kunst skaper og framfører i fellesskap.

Ein del av dannelsingsinnhaldet i faget er å kunne sjå teater som scenekunst i historisk, kulturelt, sosialt og politisk perspektiv. Elevane må stimulerast til refleksjon og kritisk tenking, til å stille spørsmål og verbalisere og til å sjå den verdien teateret har for mennesket.

#### **4.8.5. Arbeidsformer og organisering**

##### **Arbeidsformer**

Arbeidsformer handlar om undervisningas korleis, om metodar og læringsaktivitetar.

For å realisere teaterfaget vil faghjulet med læringshandlingane *utøve, formidle, skape, oppleve og reflektere* stå sentralt på tvers av programma og utviklingsfasane til elevane og gi føringar og idear til teateropplæringa.

Undervisninga i teaterfag går gjerne føre seg i to hovudformer:

- 1) Undervisning kvar veke der hovudvekta ligg på praktisk arbeid og trening i arbeids- og uttrykksformene i teaterfaget. Etablering av god gruppedynamikk der både den enkelte og gruppa bidrar til konstruktiv læring, er sentralt.
- 2) Teaterproduksjon, der eleven får erfaring med å vere del av eit skapande, produserande og formidlande fellesskap.

Læraren fungerer gjennomgåande som rettleiar og pedagog i opplæringa. I ein produksjon fungerer læraren også som regissør.

Elevmedverknad bør vere eit siktemål, der elevane skaper innhaldet ut frå visse rammer. Performance-sjangeren høver særskilt godt til dette. Vidarekomne elevar bør få fagleg medansvar og ansvar for praktiske oppgåver.

Arbeidsformene vil vere avhengige av sjanger, form og forteljemodell.

Undervisningsøkta i veka bør ha ein struktur som er lett å kjenne igjen, til dømes oppvarming – konsentrasjon – teknikk – presentasjon – avrunding – vurdering.

Både tradisjonelt tekst- og registyrt teater kan ta i bruk ein slik fasemodell.

Teaterproduksjon i kulturskolen kan ha mange ulike format. Lengde på produksjonen, talet på aktørar, kunstnariske og tekniske funksjonar som er tilpassa alderen på elevgruppa, utviklingstrinn, lokalitetar og lærarkompetanse.

##### **Samarbeid internt og eksternt**

Teater må kombinerast med andre kunstuttrykk i kulturskolen, til dømes skapande skrivning, nysirkus, dans, visuell kunst eller musikk. Dette vil kunne stimulere kjensla av å høyre til i kulturskolen og knyte læringa i faget til eit breitt spekter av bruksområde.

Det er også tilrådeleg med eit samarbeid med Den kulturelle skolesekken og grunnopplæringa, til dømes medieliner, frisør, form og farge ved vidaregåande skolar, lokale teaterlag og miljø for fysisk og psykisk helse. Teaterfaget i kulturskolen er ein naturleg aktør i lokale kulturmønstringar.

##### **Organisering**

Undervisninga blir organisert i grupper med ulik storleik. Talet på elevar i gruppa kan variere med innhaldet i undervisninga og med alder og modningsnivå på elevane, med erfaringar og sosiale relasjonar.

**Å følge fasane** i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet kan vere eit naturleg organiserande prinsipp.

**Aldersinndelte grupper** kan fungere godt: 6–7 år, 8–9 år, 10–12 år, 13–15 år og/eller vidaregåande skoleelevar.

**Undervisningsmengde.** Opplæringa bør gå føre seg kvar veke, med aldersinndelt og/eller nivådelt undervisning i grupper. Kor lang kvar undervisningsøkt bør vere, vil vere avhengig av alderen på elevane, talet på elevar i gruppa og ferdigheitsnivået til elevane.

Ein tilrår tolærarsystem, og kunstnariske og pedagogiske omsyn blir lagde til grunn for arbeidet i gruppa.

Når det gjeld Fordjupingsprogrammet, vil det vere behov for smågrupper med vekt på individuell opplæring og vurdering.

Teaterfaget treng fleksibilitet i timeplanen mellom undervisningstid kvar veke og produksjonsfasar. Arbeidet blir gjerne intensivert i slutten av ein produksjonsperiode. Tidleg nok informasjon om dette til foreldre/føresette er viktig. Det må setjast av ressursar og tid til førebuing, ljodprøve, generalprøver og informasjonsarbeid.

Teaterlæraren treng tid nok til dei oppgåvene som faget og arbeidet med kvalitet krev. Dette gjeld særskilt i periodar med produksjon. Her trengst ressursar til administrasjon og leing.